

# JO FLEIRE KOKKAR,




# JO BETRE SØL

**MEDVERKNAD I ARKIV, BIBLIOTEK OG MUSEUM**

ÅSHILD ANDREA BREKKE

**ABM** #62  
-skrift



Å byggja noko saman er både gjevande og utfordrande.  
Rom vart ikkje bygd på ein dag. Men han vart bygd.

**ABM-UTVIKLING**  
POSTBOKS 8145 DEP  
N-0033 OSLO

TELEFON: 23 11 75 00  
TELEFAKS: 23 11 75 01

POST@ABM-UTVIKLING.NO  
WWW.ABM-UTVIKLING.NO

FORSIDE: 'LUNCH ATOP A  
SKYSCRAPER' AV BALAKOV.  
EIN LEGO REKONSTRUKSJON  
AV CHARLES EBBETS BERØMTE  
FOTOGRAFI FRÅ 1932.  
SJÅ WWW.FLICKR.COM

TRYKK: 07 GRUPPEN AS

ISSN1503-5972 (TRYKT UTG.)  
ISSN 1504-9167 (ONLINE)  
ISBN 978-82-8105-080-8

ABM-UTVIKLING 2010



Når fleire går over elva saman, vert ingen tatt av krokodillane.

GASSISK ORDTAK

# INNHOOLD

<b>FORORD</b> .....	4	<b>6. MEDVERKNADE LÆRING OG HANDLING</b>	
<b>1. MEDVERKNAD – KVIFOR, KVEN OG KORLEIS</b> .....	6	<b>– EIT VERKTØY</b> .....	32
<b>2. MEDVERKNAD – IKKJE FOR PYSER</b> .....	10	<b>7. SMÅ OG STORE UTFORDRINGAR</b> .....	36
2.1 Empowerment-omgrepet.....	10	7.1 ‘London, Sugar & Slavery’ .....	36
2.2 Retten til medverknad .....	11	7.2 ‘Et bilede – mange blikke’ .....	38
2.3 Makt, avmakt og myndiggjering.....	11	<b>8. MEDVERKNAD I NORSKE ARKIV, BIBLIOTEK OG</b>	
2.4 Å kjenna seg att i historia.....	11	<b>MUSEUM</b> .....	40
<b>3. WHAT’S IN IT FOR US – OR THEM?</b> .....	14	8.1 Girl power på Torshov bibliotek.....	40
3.1 Verdien av overordna forankring .....	14	8.2 Frå folkemuseum til kritisk samfunnsaktør –	
3.2 Sosial inkludering og utestenging .....	16	Glomdalsmuseet.....	40
3.3 Ikkje-brukarane.....	16	8.3 «Tid er et av de viktigste verktøyene vi har» –	
3.4 Medverknad = økonomisk velvære.....	17	Engøyholmen kystkultursenter .....	42
3.5 Kulturminnevern som sosialt prosjekt.....	19	8.4 Oslo multikulturelle byarkiv .....	43
3.6 Sjølvstende vs. nytenking .....	20	<b>9. SMÅ OG STORE TIPS I DET VIDARE ARBEIDET</b> .....	46
<b>4. EI SAMFUNNSROLLE TIL BESVÆR?</b> .....	22	<b>10. EVALUERING OG DOKUMENTASJON</b> .....	50
<b>5. ULIKE METODISKE INN FALLSVINKLAR</b> .....	24	<b>11. MEDVERKNAD ER IKKJE ATOMFYSIKK</b> .....	54
5.1 Gode partnarar lettar arbeidet.....	24	<b>NYTTIGE LEKKJER</b> .....	56
5.2 Institusjonen som mikrofonstativ .....	28	<b>KJELDER</b> .....	57
5.3 Trøblete tema .....	28		
5.4 Mangfaldige målgrupper.....	30		

# FORORD

I mai 2008 samla ABM-utvikling eit lite knippe arkiv, bibliotek og museum til eit arbeidsseminar for å kartleggja erfaringar knytt til medverknad og aktiv involvering av ulike målgrupper i institusjonane sitt arbeid. Målet var å få ei oversikt over kva slags erfaringar som finst på dette feltet, og finna ut på kva måte ABM-utvikling kan bidra til å styrkja denne måten å tenkja og jobba på i institusjonane. Det synte seg at det er både interesse og behov for ei systematisering av kunnskapen og erfaringane på dette feltet, noko dette skriftet ønskjer bidra til.

Arkiv, bibliotek og museum kan spela ei viktig rolle når det gjeld å la folk medverke meir aktivt i arbeidet deira, fordi institusjonane har ein unik samfunnsposisjon, lang erfaring med ulike målgrupper og ein serskilt kompetanse. Vidare er moglegheitene til involvera folk på ulike måtar mange og vert stadig fleire, ikkje minst med tanke på handlingsrommet som dagens sosiale og mobile teknologiar gjev. Medverknad handlar om å opna institusjonane og sleppa til større mangfald, fleire stemmer, andre perspektiv og

nye gjester. Erfaringar frå til dømes Storbritannia syner at institusjonar som nyttar ein aktiv medverknadstankegang i arbeidet sitt blant anna får ei sterkare forankring i lokalmiljøet og ein positiv økonomisk effekt.

Å opna for auka medverknad kan vera lærerikt og morosamt, men òg tidkrevjande og slitsamt. Det finst ingen enkle fasitsvar, inga eintydig oppskrift. Men det finst erfaringar ein kan læra av, verktøy ein kan bruka og grep ein kan ta. Medverknadsarbeid er ein prosess, der det som skjer undervegs i prosessen er viktigare enn eit isolert sluttresultat. Dei gode og fruktbare prosessane vert drivne framover gjennom prøving og feiling.

Eit viktig prinsipp når det gjeld å involvera folk meir aktivt i arkiva, biblioteka og musea sitt arbeid, er difor at det er viktig å gje seg sjølv ein romsleg tabbевote. Dei gode og fruktbare prosessane vert til gjennom prøving og feiling. Eit døme finn ein hjå London Metropolitan Archives, som hadde eit prosjekt, «Up To No Good», der eldre personar av begge kjønn var

hovudmålgruppa. Etter kvart synt det seg at det var lettare å komma i kontakt med eldre kvinner enn eldre menn, fordi kvinner som regel har mykje større nettverk og fleire møtestadar enn menn. Midtvegs i prosjektet sitt måtte dei difor finna alternative måtar å nå denne målgruppa på. Det ligg mykje læring i slike erfaringar, også for andre som driv med medverknadsarbeid. Dette ABM-skriftet skildrar ein del slike nyttige erfaringar og verktøy – og vi vonar å samla fleire slike erfaringar etter kvart.

Medverknadsarbeid er eit stort og omfattande felt. Målet med denne publikasjonen er ikkje å laga ei uttømmende oversikt over alt som finst på dette feltet, men snarare å inspirera og motivera til at arkiva, biblioteka og musea i endå større grad enn før involverer folk i arbeidet sitt og på den måten styrkjer samfunnsrolla si.

I dette skriftet vel vi å skissera eit perspektiv på samfunnsrolla serskilt knytt til sosial inkludering og medverknad. Vi vil gjerne presisera at dette er eitt perspektiv på korleis samfunnsrolla kan forståast og operasjoniserast – andre perspektiv

vil kunne femna andre aspekt ved ei slik rolle. Vi vil både gje ei kort innføring i tankegodt og verdi-grunnlag, og i tillegg presentera ein del erfaringar som har vore gjort både i Noreg og internasjonalt. Til sist skisserer ein del verktøy, metodar og digitale ressursar som kan vera nyttige i det vidare medverknadsarbeidet.

*«Museene skal gi både kunnskap og opplevelse. De skal være tilgjengelige for alle og være relevante og aktuelle samfunnsinstitusjoner som fremmer kritisk refleksjon og skapende innsikt.» St.meld. 49 (2008–2009)*

Lykke til!

STEIN SLYNGSTAD  
*direktør*

RANDI ERTESVÅG  
avdelingsdirektør

# MEDVERKNAD

## – KVIFOR, KVEN OG KORLEIS

Dette skriftet spring ut av eit pilotprosjekt knytt til medverknadsarbeid som ABM-utvikling sette i gang våren 2008. Tanken med prosjektet var å kartleggja erfaringar knytt til medverknad og aktiv involvering av ulike målgrupper i abm-institusjonane sitt arbeid gjennom ulike seminar og diskusjonsfora: eit knippe arkiv, bibliotek og museum med relevante erfaringar vart invitert med på to ulike arbeidsseminar og ein studietur til London. Målet var m.a. å få ei oversikt over kva slags erfaringar som finst på dette feltet, og finna ut på kva måte ABM-utvikling kan bidra til å styrkja denne måten å tenkja og jobba på i institusjonane. I løpet av prosjektet har vi drøfta oss fram til ein del tema og problemstillinger som vi kjenner trong til å arbeida vidare med. Desse problemstillingane kan oppsummerast i følgjande punkt:

**Innhald:** Kva inneber eigentleg medverknad i praksis? Kva er reell medverknad, kor lite eller mykje skal til for å definerast som medverknad, og på kven sine premisser? Dette er komplekse problemstillinger som treng vidare diskusjon, ikkje

minst sett i lys av erfaringar frå andre arbeidsfelt som møter same type utfordringar når det gjeld medverknadsprosessar (personellrekruttering, humanitært arbeid, offentlege politiske prosessar osv.).

**Prosess:** Medverknadsprosessar er tidkrevjande, og resultatata vert ikkje alltid slik som ein hadde tenkt i utgangspunktet. Er ein for oppteken av resultatata, slik at prosessen ikkje får gå sin naudsynte gang? Eller er ein så oppteken av at institusjonsresultata skal oppfyllast at ein ikkje ser verdien av alternative (og av og til utilsikta) resultat av ein prosess? Slike prosessar kan vera like viktige og interessante som sjølve resultatata – prosessar i seg sjølve kan vere eit «resultat».

**Kvalitet vs. kvantitet:** Når prosjekt blir skalert opp i storleik med tanke på å nå ut til fleire, vert ofte medverknadsprinsippet skadelidande<sup>1</sup>. Det

<sup>1</sup> Til dømes i samband med tilpassing til Den kulturelle skulesekken, som krev at eit tilbod skal nå alle ungar i eit fylke.



På Horniman Museum og Gardens er medverknadstanken godt forankra hjå dei tilsette. Foto: Marit Hosar, Opplandsarkivet.

kan sjå ut som om små prosjekt vert oppfatta som eit «problem» når det gjeld rapportering som spesifikt gjeld kvantitet (til dømes tal på brukarar som er involvert i prosjektet). Må alle gode prosjekt absolutt skalerast opp? Er det rom for små, gode og berekraftige prosjekt? Når kvantitet er eit viktig kriterium, kva skal til for å sikra god medverknad likevel?

**Forankring:** Deltakarane på seminaret tykte at medverknad var viktig, og hadde fått mykje att for å investera tid og krefter i slike prosessar. Dei tykte likevel det var ei utfordring å få forankra verdien av medverknad i institusjonane og hjå samarbeidspartnarane. Utan ei slik forankring er det fare for at prosjekt og aktivitetar vert ståande som enkelttiltak som er heilt personavhengige. Korleis kan ein få til ei god forankring?

**Haldningar:** Det var semje om at det ikkje nødvendigvis er pengar det står på når det gjeld å få medverknad inn som arbeidsprinsipp på institusjonen, men heller knapp tid, knappe ressursar og manglande prioritering ovanifrå. Finst det gode måtar å balansera desse utfordringane på slik at ein får til ei haldningsendring?

**Meirverdi/motivasjon:** Det er viktig at den som medverkar, får noko ut av bidraget sitt til prosessen – at ikkje det berre er institusjonane som sit att med meirverdi. Kva slags ulike måtar finst det for å skapa gjensidig eigarskap til både prosessen og det prosessen eventuelt munnar ut i? Har deltakaren fått svar på spørsmålet: «What's in it for me?»

Langs vegen i prosjektet har det komme konstruktive tilbakemeldingar og innspel til

ønskje og behov på dette feltet. Å arbeida vidare med omgrepet *empowerment* (myndiggjering/eigenkraftmobilisering) og korleis medverknad er eit verktøy for å styrkja nettopp dette har vore eit klart ønskje, ikkje minst når det gjeld arbeidet med å styrkja mangfaldet i institusjonane og sektoren elles. Dette omgrepet vert drøfta nærare i andre kapittel i dette skriftet.

Eit anna ønskje var meir kunnskap om ulike prosessverktøy som kan gjera medverknadsarbeidet enklare. Hausten 2008 arrangerte vi difor eit eindagsseminar der ein fekk ein liten smakebit av korleis slike prosessar kan leggjast til rette for ulike institusjonar og målgrupper. Seminaret vart halde av Ruth Nesje frå Sareptas AS, som er ein av Norges mest røynde fagpersonar på området medverknadsprosessar/aksjonsforskning.

## Medverknadsseminaret våren 2008

Til saman deltok 13 deltakarar frå ni arkiv, bibliotek og museum, i tillegg til fem personar frå alle tre fagavdelingane i ABM-utvikling. Alle institusjonane som var med på seminaret hadde erfaringar med ulike typar medverknadsprosessar, og vi la vekt på å få fram både gode og dårlege erfaringar med slike prosessar. Kvar institusjon hadde førebudd korte innlegg om sine erfaringar som utgangspunkt for vidare diskusjonar. Vidare hadde vi med to eksterne føredragshaldarar for å få eit blikk utifrå sjølve sektoren. Det vart mange og gode diskusjonar på seminaret. Fleire av deltakarane uttrykte at det var nyttig med eksterne perspektiv på

medverknadsomgrepet. Det kom òg positive tilbakemeldingar på at både arkiv, bibliotek og arkiv var representerte, og god breidde i presentasjonane av ulike erfaringar gjorde det mogleg å sjå ein del felles utfordringar.

**Grete Vandvik – rådgjevar på barns medverknad i Redd Barna** snakka om prinsipp og verktøy for barns medverknad – erfaringar med bruk av medverknadsprosessar i Redd Barna både heime og ute i internasjonale samanhangar. Ho skisserte ein del gode prinsipp for «best practice» når det gjeld barns medverknad, og tips til nyttig materiell og verktøy.

**Linda Thorsen – mangfaldsrådgjevar i Oslo kommune/Integrerings og mangfaldsdirektoratet (IMDI)** snakka om arbeid med integrering av ungdommar i Oslo kommune. Desse ungdommane er òg brukarar av arkiv, bibliotek og museum, sjølv om mottaksklassar ofte fell utanfor ordinære skuleopplegg. Kva slags medverknad ønskjer dei seg?

**Per Bjørn Rekdal – Kulturhistorisk museum i Oslo** heldt innlegget «Hvem bestemmer innholdet?» som handla om rett og makt til representasjon og definisjon innanfor arkiv, bibliotek og museum, ei problemstilling som er sentral når det gjeld å respektera retten til medverknad.



Programmet for dagen inneheldt ein del teori, men var i all hovudsak sett saman av gruppearbeid og praktiske øvingar. Dei som deltok på dette metodekurset, såg nytten av slike prosessverktøy og ytra ønske om meir kunnskap om dette feltet. Slike metodar vert diskutert nærare i kapittel 6.

Våren 2009 drog ei lita gruppe frå Opplandsarkivet, Oslo byarkiv, Alta museum og ABM-utvikling som nemnt til London på vitjing til institusjonar som har jobba serskilt med medverknad og ulike målgrupper. Vi hadde ei rekkje fruktbare møter og diskusjonar med London Metropolitan Archives, London Museum in Docklands og Horniman Museum and Gardens, og konkluderte med at det er mykje god erfaring og nyttige kontaktar å henta internasjonalt. Ein del av desse erfaringane vert presenterte meir

heilskapleg i dette skriftet, andre vert presenterte på medverknadskonferansen «Jo fleire kokkar, jo betre søl» i mars 2010.

Medverknadsprosjektet er altså framleis under utvikling. Tilbakemeldingar vi har fått langs vegen, syner at det er både interesse og behov for ei systematisering og spreing av kunnskapen og erfaringane på dette feltet, noko blant anna dette skriftet ønskjer å bidra til. Korleis prosjektet utviklar seg vidare er avhengig av ytterlegare tilbakemeldingar og innspel frå dykk – det er de som utgjer førstelinetenesta andsynes grasrot-brukarane, og vi er svært takksame for alle typar innspel til korleis vi i ABM-utvikling kan bidra til å styrkja arbeidet med å involvera fleire, andre og nye målgrupper i den verksemda de driv!

**Mari Møystad - Glomdalmuseet** fortalte om korleis museet tok tak i medverknadsprinsippa i høve til utviklinga av den permanente utstillinga om Romani-folket, i tillegg til arbeidet med Somalia-utstillinga.

**Ellen Røsjø - Oslo byarkiv** tok føre seg erfaringane med prosessen rundt prosjektet Multikulturelle Arkiv, der målet var å samla inn arkiv frå dei ulike innvandarmiljøa i Oslo for å komplettera byens arkiv.

**Bård Kleppe - Ryfylkemuseet** snakka om museet sine erfaringar med å utvikla og driva Internasjonal kafé i samarbeid med lokale innvandrarar og asylsøklarar, der museet vert ein reell multikulturell møteplass.

**Hanne Dahl-Larsson - Kristiansand** folkebibliotek fortalte om erfaringar med brukarråd på ungdomsavdelinga, der ungdommar sjølve definerer kva slags bibliotektilbod dei ønskjer seg og får ansvaret for innkjøp av bøker, spel og musikk.

**Eva Johansen - Alta museum** fortalte om museet sine erfaringar med eit prosjekt der samisk og norsk ungdom samarbeidde om utviklinga av ei utstilling om identitet.

**Olaug Økland - Dalane folkemuseum** fortalte om «Jakten på skadedyr»-prosjektet der barn deltok aktivt i arbeidet med å avgrensa skadedyrproblem i museet sine samlingar.

**Tone Simensen Karlgård - Mangfoldsnettverket** snakka om rekrutteringsprosjektet i regi av mangfoldsnettverket, der målet er å stimulera til auka mangfald i arbeidsstokken i norske museum.

# MEDVERKNAD – IKKJE FOR PYSER

Slår ein opp på ordet 'medverknad' i ordboka, får ein følgjande definisjon: «det å medverke, å samarbeide med». Dei følgjande døma på bruk inkluderer både det *å trenga kommunal medverknad i utbygginga* og *å verta dømd for medverknad til drap*. Medverknad er altså ramme alvor, òg i juridisk forstand. Eit google-søk på ordet 'medvirkning' gjev nesten 300 000 treff<sup>2</sup>. Til samanlikning gjev eit søk på ordet «participation» 104 millionar treff. Ei slik uhøgtidleg stikkprøve syner at medverknad er eit omgrep som vert nytta i mange samanhenger overalt, men oftast i samband med styrking av demokratiske verdiar og verkemiddel i prosessar og prosjekt. Med demokrati som klangbotn, handlar medverknad i stor grad om å myndiggjera folk (eng: empowerment), setja dei i stand til å ta kvalifiserte val og gode avgjerder. Før vi går vidare på drøftinga om kva relevans medverknad har for abm-sektoren, kan det vera nyttig å kasta eit skråblikk på det historiske og juridiske rammeverket for medverknad og sosial inkludering.

<sup>2</sup> nynorsk (medverknad) gjev 49 000 treff.

## 2.1 Empowerment-omgrepet

Det engelske/amerikanske omgrepet empowerment vert ofte omsett til norsk med «bemyndigelse», «myndiggjøring» eller «mektiggjøring». Omgrepet stammar opphavleg frå USA i 1960-åra i «the new social movements», der stigmatiserte grupper (etniske minoritetar, farga, homofile og lesbiske, kvinner, funksjonshemma) byrja å kjempa for menneskerettar og respekt. I denne konteksten tyder *empowerment* det motsette av undertrykking, og handlar om mobilisering og styrking av egne krefter parallelt med nøytralisering av motkrefter. I Norge vart omgrepet tidleg nytta i helse- og sosialprofesjonane, der myndiggjeringa blant anna består i å gje frå seg makt til pasienten/brukaren.

«Empowerment» handlar om å mobilisera og styrkja folk sine egne krefter, samt å avdekkja og nøytralisera krefter som produserer avmakt. «Hjelp til sjølvhjelp», «styrking» og «eigenkraft-mobilisering» er andre ord som vert brukt om empowerment som evna til å setja seg sjølv i stand til å verta ein aktiv deltakar i eige liv. For meir informasjon, sjå til dømes [www.selvhjelp.no](http://www.selvhjelp.no).

## 2.2 Retten til medverknad

Å medverke er eit menneskeleg behov. Eigenverd, sjølvrespekt, ei kjensle av å høyra til og av anerkjening frå andre er viktige sider ved dette behovet. Sentrale styresmakter har sett dette som så sentralt at det har vorte definert som ein menneskerett.

Retten til medverknad er såleis nedfelt i ulike internasjonale konvensjonar. I FN's konvensjon for menneskerettar heiter det at alle har rett til fritt å delta i kulturlivet i samfunnet, og ha glede av både kultur og vitskap.

UNESCO legg òg vekt på medverknad i konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven som Norge ratifiserte i 2007. Kvar konvensjonspart skal som ledd i si verksemd for å verna den immaterielle kulturarven syta i størst mogleg grad for å sikre en størst mulig medvirkning frå lokalsamfunn, grupper og eventuelt enkeltpersoner som skaper, opprettholder og overfører slik arv, og trekke dem aktivt med i forvaltninga av denne arven. (Artikkel 15). Retten til medverknad er altså ein viktig del av demokratiet, ikkje minst når det gjeld kulturarv.

## 2.3 Makt, avmakt og myndiggjering

Å la nokon sleppe til, myndiggjere dei, inneber å gje avkall på kontroll og eiga makt. Medverknad handlar såleis om både makt og avmakt. Ein del grupper i samfunnet har synt seg å vera serskilt sårbare når det gjeld å respektera retten til medverknad, ofte fordi dei har ein avmaktsposisjon andsynes grupper og institusjonar med meir og større makt til å leggja premisser og føringar. Barn, minoritetar eller pasientar er til dømes grupper som lett er utsett for maktovertramp. Dette har ein gjort tydeleg ved å gje desse

gruppene eit serskilt vern i form av egne konvensjonar og lover.

- I FN-konvensjonen for barns rettar står det blant anna i artikkel 12 at *barnet har rett til å seie meininga si i alt som kjem det ved, og barnet sine meiningar skal det leggjast vekt på.*
- I Rammekonvensjonen for urfolk- og minoritetars rettar står det i artikkel 15 at *partene skal skape de forutsetninger som er nødvendige for at personer som tilhører nasjonale minoriteter, sikres effektiv deltakelse i det kulturelle, sosiale og økonomiske liv og i offentlige anliggender, særlig de som berører dem.*
- I Noreg står òg brukarmedverknad sterkt i pasientlovverket. I Stortingsmelding 34 (1996-1997) om handlingsplanar for funksjonshemma vert brukarmedverknad definert som at *...de som berøres av en beslutning, eller er brukere av tjenester, får innflytelse på beslutningsprosesser og utforming av tjenestetilbud.*

Det er i lys av eit slikt maktperspektiv at abm-institusjonar har ei viktig rolle å spela. Arkiva, biblioteka og musea er alle institusjonar som er tufta på makta til å definera kva versjon av røynda som vert presentert, kva historier som vert fortalt og korleis, og ikkje minst kva historier ein vel (umedvite eller ikkje) å *ikkje* fortelja. Dette inneber eit serskilt ansvar for å forvalta denne makta på ein god måte. Makt forpliktar.

## 2.4 Å kjenna seg att i historia

I artikkelen «Samtidshistorie og fortidsrelatering»<sup>3</sup> peikar Odd Are Berkaak på korleis målet for

3 Sjå Berkaak 2009: 7-15

kulturhistorisk formidling er å få forteljinga til å opplevast som forteljinga om oss sjølve, og korleis livshistorier må kunna kjennast att av den enkelte. Han peikar òg på korleis musea kan, ved å fokusera på fenomen medan dei er under utvikling, bidra til å identifisera det som er nytt og annleis.

Ved å fanga opp mangfaldet av nye måtar å oppfatta historia på, vil abm-institusjonane kunna fungera som reelle og gode dialoginstitusjonar. Dette inneber ikkje minst at dei må organisera seg på ein slik måte at sivilsamfunnet får innverknad på formidlinga. Medverknad for den enkelte spelar altså ei viktig rolle.

Så kva er medverknad og korleis sikrar ein det i praksis? Dinest kan ein spørje kva for ein eventuell verdi det kan ha å involvera og myndiggjera ulike målgrupper i lokalmiljøet i verksemda til abm-institusjonar? Desse og fleire spørsmål vil vi sjå nærmare på i dei neste avsnitta.

**Elevar på jakt etter byens historie i London Metropolitan Archives.**

Foto: Marit Hosar, Opplandsarkivet avd. Maihaugen





# WHAT'S IN IT FOR US – OR THEM?

I Storbritannia har arkiva, musea og biblioteka gjort seg ein heil del erfaringar når det gjeld å tenkja medverknad og sosial inkludering i si daglege og langsiktige verksemd.

Mange års erfaringar syner at denne typen tenking i det langsiktige arbeidet, både på overordna strateginivå og i abm-institusjonane

- sikrar at museum, bibliotek og arkiv fungerer som inkluderande møteplassar
- sikrar at sektoren har eit tilbod som er lokalt tilpassa
- bidreg positivt til involvering og mangfald i lokalsamfunnet
- kan bidra til å auka besøkstala

Eit døme på dette finn ein hjå **Horniman Museum and Gardens** rett sør for London. Museet held til i eit multikulturelt område som tradisjonelt har stridd med stor sosial fattigdom og elende. Museet ser det som si oppgåve å hjelpa til i kampen mot sosial utestenging. Dei har blant anna eit aktivt samarbeid med nøkkelpersonar i lokalsamfunnet som dei lærer opp

i museumsverksemd knytt til brukssamlinga (handling collection). På den måten når dei ut til målgrupper dei elles ikkje ville nådd. Samstundes styrkjer desse kvalifiserte kontaktpersonane museet sin eigen stab: desse gruppene treng ikkje følgje av museumstilsette, men får kvalifisert hjelp av kontaktpersonen sin. På denne måten har lokalmiljøet fått eit styrkt eigarforhold til museet sitt, og museet har auka talet på gjester som ikkje tidlegare nytta museet.

### 3.1 Verdien av overordna forankring

Sosial inkludering, eller 'social inclusion', er eit omgrep som altså har blitt viktigare og viktigare i det britiske samfunnet. På nitti-talet vart det lagt politiske føringar om at ulike offentlege institusjonar og aktørar i kultursektoren skulle aktivt bidra til ei positiv utvikling i lokalsamfunna med omsyn til integrering, sosial inkludering og kamp mot fattigdom. ABM-institusjonane vart bedne om å utvikla nye måtar å jobba på, for å klargjera samfunnsrolla si og ta eit større ansvar i den nasjonale satsinga for sosial inkludering.

I løpet av nokre tiår har dei britiske abm-institusjonane jobba systematisk og målretta med å utvikla samfunnsrolla si («outreach-activities», «social inclusion programmes» og så bortetter). I ei slik forståing av samfunnsrolla står medverknad og myndiggjering («empowerment») sterkt. Dette er ein måte å forstå rolla på som kan gje ein fruktbar og god innfallsvinkel og utdjuping av omgrepet «dialoginstitusjon», eit omgrep som er godt innarbeidd som teori, men tykkjest ikkje vera like godt forankra i praksis.

Ein grunn til at 'social inclusion'-omgrepet ser ut til å ha festa seg og blitt operasjonalisert i det britiske abm-feltet, er blant anna at styresmaktene har gjeve tydelege signal og føringar for at musea skal ta på seg ei slik samfunnsrolle. Ein del av lotterimidlane (the Heritage Lottery Fund) er blant anna øyremerkte aktivitetar som gjeld sosial inkludering over heile abm-sektoren.

Vidare vert musea si formidling til barn og unge i skulen definert inn i den større, nasjonale satsinga på utdanning, der inkluderings-aktivitetar vert sett som ein naturleg del av dette arbeidet. Dei britiske styresmaktene har òg definert det som ei nasjonal oppgåve å kjempa mot sosial utestenging og marginalisering av sårbare grupper i samfunnet. Denne satsinga vert òg reflektert i føringane for midlar til formidlingsaktivitetar.

I 2000 gav det britiske kulturdepartementet ut eit strategidokument som tok føre seg moglegheter og utfordringar som ligg i musea si rolle som aktive samfunnsaktørar<sup>4</sup>.

Dei peikar på at livslæring kan vera eit effektivt

våpen i kampen mot sosial utestenging fordi det gjev folk kunnskap, kompetanse og sjølvtrullit til å bidra positivt i samfunnet.

Fordi abm-institusjonar representerer kombinasjonen av oppleving og kunnskap, gjer det dei godt eigna til å bidra i denne kampen.

I dokumentet heiter det blant anna at arkiva, biblioteka og musea kan bidra til positive samfunnsendingar ved å engasjera seg i lokalmiljøa og syta for myndiggjering og medverknad for ulike målgrupper, i tillegg til å bidra med lokale til arrangement som krev eit trygt offentleg rom. Ei av styrkene til arkiva, biblioteka og musea er at dei tilbyr eit spesielt og verdifullt lærings- og sosialt miljø.

Det britiske strategidokumentet skisserer seks punkt som er viktige i implementeringa av denne type tankegang i abm-sektoren:

1. Identifisera målgrupper som er eller står i fare for å verta marginaliserte
2. Evaluera og tilpassa noverande medverknadspraksis
3. Utvikla strategiske mål og prioritera ressursar
4. Utvikla ulike tilbod og gje dei tilsette opplæring
5. Marknadsføra tilboda aktivt
6. Evaluera, justera og forbetra prosessar og tilbod

Satsinga på inkluderingsaktivitetar har tydeleg auka samarbeid på tvers av institusjonar og grupper i ulike lokalsamfunn i Storbritannia. Dei fleste store britiske arkiv, bibliotek og museum har sett av ressursar til å driva denne typen aktivitetar, og flaggar prosjekta aktivt på heimesidene sine.

4 sjå t.d. [http://www.culture.gov.uk/images/publications/centers\\_social\\_change.pdf](http://www.culture.gov.uk/images/publications/centers_social_change.pdf)

### 3.2 Sosial inkludering og utestenging

Her kan det vera på sin plass med ei nærmare klargjering av omgrepet 'sosial inkludering,' slik dei britiske abm-institusjonane nyttar det. Det står i motsetnad til omgrepet 'sosial utestenging' (social exclusion) som inneber ei nedbryting av sosiale relasjonar mellom eit individ og familien, venene, lokalsamfunnet og offentlege tenester og institusjonar. 'Sosial utestenging' er eit nyttigare omgrep enn 'fattigdom' fordi det femner ei breiare gruppe menneskje og grupper som fell utanfor samfunnet og fokuserer i staden på dynamiske prosessar framfor ei statisk skildring av samfunnet<sup>5</sup>.

I ei slik forståing av sosial utestenging er det tre viktige element. For det første representerer omgrepet det motsette av sosial integrering og inkludering. For det andre skildrar det både ein tilstand og ein prosess, og for det tredje inneheld omgrepet fleire dimensjonar som femnar breiare enn dei tradisjonelle definisjonane av fattigdom og elende (deprivation).

Ein kan til dømes identifisera tre hovudkategoriar når ein snakkar om den sosiale dimensjonen ved utestenging: i) tilgjenge til sosiale tenester (t.d. helse og utdanning), ii) tilgjenge til arbeidsmarknaden; og iii) høve/moglegheit til sosial deltaking /medverknad i samfunnet.

På mange måtar kan ein seia at arkiv, bibliotek og museum representerer institusjonalisert utestenging. Dei har eit breitt spekter av mekanismar som kan bidra til å hindra mange ulike grupper tilgjenge til tenestene deira. Ein av grunnane til dette er at desse institusjonane er produkt av det etablerte storsamfunnet og legitimerer dei

etablerte eller offentlege verdiane til samfunnet på ei rekkje måtar: direkte, ved å fremja og stadfesta dei dominerande verdiane, og indirekte, ved å oversjå eller forkasta alternative verdiar.

Mogleg utestenging frå den kulturelle sfæren kan soleis analyserast gjennom tre punkt:

1. Representasjon – i kva grad den einskilde sin kulturarv er representert innanfor den allmenne kulturelle arenaen
2. Medverknad – moglegheitene et individ har til å medverke i prosessar som gjeld produksjon av kultur; og
3. Tilgjenge – moglegheit til å nytta godt av kulturelle tilbod og tenester (som kan innehalde både (1) og (2))

Ein nærliggjande konklusjon ein då kan trekkja, er at viss arkiva, biblioteka og musea passivt bidreg til å stengja ute grupper og individ frå samfunnet, så har dei vel så mykje moglegheit til å aktivt leggja til rette for å inkludera dei som fell utanfor.

### 3.3 Ikkje-brukarane

Det finst til dømes lite kunnskap i biblioteka om dei som ikkje nyttar biblioteket (ikkje-brukarane), om deira synspunkt og behov i følge rapporten «Open to all: the public library and social exclusion» av Muddiman (2000). Vidare har ikkje bibliotektilsette vanlegvis kunnskapar og trening i å arbeida blant dei «ekskluderte» i samfunnet. Bibliotektilsette sine haldningar kan i nokre tilfelle vera negative. I England arbeider dei med etikk innanfor profesjonen. I Norge er det ei utfordring å komma i gang med et slikt etisk arbeid, for å skaffa seg innsikt i kva det verkeleg inneber at biblioteket er for alle. Det er

5 Sjå t.d. Richard Sandell 1999: 404-410





Ivy, ei lokal sigøynerkvinne, lagar blomar av tre på museet sin «Gypsy Art Festival» i 2008. Foto: Museum of East Anglian Life.

ei kjensgjerning at biblioteka (og truleg òg musea) er dominert av kvinner frå den kvite middelklassa (Muddiman:2000), noko som gjer det ekstra viktig å vera merksam på om og korleis ein kommuniserer med andre målgrupper.

### **3.4 Medverknad = økonomisk velvære?**

Britane har òg sett medverknadstankegangen i

samanheng med økonomiske tilhøve. Erfaringane syner at institusjonane kan bidra positivt til både eigen økonomi og samfunnsøkonomien ved å involvera folk tettare i arbeidet sitt. Dei nyttar omgrepet «economic well-being» som ein heilskapeleg term for det bidraget einskildpersonar, hushald, verksemder og lokalsamfunn gjev til ein robust økonomi og eit sunt samfunn. Omgrepet



Gareth (foran) har lærevanskar, men trivst godt som frivillig på museet. Foto: Museum of East Anglian Life.

femner vidare enn tradisjonell økonomisk politikk med hovudfokus på auka produktivitet. Det anerkjenner at det ikkje er berre dei som driv næringsverksemd som bidreg til ein sunn økonomi, men at dei som gjer seg nytte av ulike varer og tenester òg bidreg positivt til det kollektive «økonomiske velvære». Samfunnets eller den einskildes økonomiske velvære er såleis bestemt av i kva grad

dei har tilgang til goder, varer og økonomiske moglegheiter som vert generert av miljømessig og sosialt berekraftige aktivitetar<sup>6</sup>.

Prosjekt som er tufta på denne typen

6 Sjø rapport frå The Commission for Rural Communities (2009) <http://www.ruralcommunities.gov.uk/projects/economicwellbeing/overview>

økonomisk tankegang skaper gode tilhøve ikkje berre for individa som er direkte involvert i prosjekta, men òg for lokalsamfunnet i ein større kontekst fordi det bidreg indirekte til å frigjera ressursar. Eit museum som har sett ein slik tankegang systematisk ut i livet er Museum of East Anglian Life i Suffolk i England.

### **3.5 Kulturminnevern som sosialt prosjekt**

The Museum of East Anglian Life (MEAL), plassert i landlege omgjevnadar i Suffolk, er eit fascinerande døme på korleis eit nytt blick på kulturarvsressursar kan skapa seg ein solid plass i hjartet av lokalsamfunnet og transformera den lokale økonomien. På tre år har ei kapitalinvestering på om lag 2,6 millionar pund og 300 000 pund i prosjektmidlar bidratt til at museet har blitt ein formidabel regional besøksmagnet, med ei dobling av staben og ei auke på 30 prosent i gjestetallet. På same tid har museet skapt nye mogleheiter for sjølvutvikling, fritid og læring i lokalsamfunnet og for serskilt utsette grupper. Slik bidreg museet til det allmenne økonomiske «velværet» ved å

- utvikla museet til ein regional hovudattraksjon og på den måten trekkja fleire folk og økonomiske midlar til regionen
- aktivt bidra til samhold, samarbeid og frivillighet i lokalsamfunnet ved å gje folk eit felles mål
- ta i bruk folk sine eigne ressursar, inkludert folk med lærevanskar, tidlegare lovbrytarar eller langtidsarbeidsledige, og bidra til å styrkja sjølvtilitt, mestringssevne og dugleik gjennom opplæring, kompetanseheving og arbeidserfaring
- betra fritidstilbodet og miljøet ved å bli ein

møteplass for sosiale og kulturelle aktivitetar og leggja omgjevningane til rette for berekraftig bruk.

Museet var opphavleg stifta i 1965 for å dokumentera og formidla jordbruks- og industrihistoria til East Anglia-regionen, men stod etter kvart til nedfalls etter mange år med manglande finansiering og vedlikehald. For å snu denne utviklinga, vart det i 2005 utvikla ein plan for å revitalisera museet som eit attraktivt besøksmål og å utnytta bygningar og uteareal på ein betre måte til aktivitetar, læring, sosialt arbeid og vern av kulturlandskap.

Prosjektet starta opp med ei rekkje små, vellykka tiltak for å nå ut til lokalbefolkninga og heva profilen til museet. Dette innebar blant anna opning av ein kafé, tilretteleggjing av naturstiar og kulturlandskap og ei aktiv involvering i lokalsamfunnet gjennom stab og frivillige. Neste fase innebar ei restaurering av museumsanlegget og utvikling av eit nytt utstillingsområde. MEAL lanserte òg Storbritannias første museumsbaserte sosiale verksemd, med lærlingplassar og tilbod til vaksne med læringsvanskar, tidlegare lovbrytarar og langtidsarbeidsledige. Tilboda inkluderte blant anna opplæring i tradisjonelle jordbruksmetodar, slik som jordbruk, skogbruk, kolproduksjon og mølleverksemd.

I dag er MEAL eit populært friluftsmuseum med femten historiske bygningar, fire fylkeskommunale naturreservat og over 45 000 gjenstandar. Museumsgjestene legg att meir enn 900 000 pund i året (mot 600 000 i 2004) og museet har seksten tilsette. I 2009 bidrog frivillige med 45 000 timar, og om lag sytti personar har fullført ulike

opplæringsmodular. Museet tilbyr òg aktiviteter til over 4000 barn og over 250 eldre.

Prosjektet mottok støtte frå ulike hold. Det største enkeltbidraget kom frå det nasjonale tipemiddelfondet (Heritage Lottery Fund), men museet har òg jobba aktivt for å skaffa støtte frå lokale styresmakter, private gjevarar, statlege etatar, fond og næringsliv. Den daglege drifta vert for det meste dekkja av lokale styresmakter, samt museets etter kvart imponerande eigeninntening (museet dyrker og sel til dømes grønnsaker og frukt).

### 3.6 Sjølvstende vs. nytenking?

Det finst altså mange svært interessante og moglegvis overførbare erfaringar frå Storbritannia.

Eit anna land som arbeider aktivt med desse spørsmåla er Sverige. Den svenske kulturutredninga<sup>7</sup> som kom våren 2009 skisserer tre hovudmåtar svenske museum driv verksemda si på:

**Fokus ligg på å «nå ut»:** museet legg vekt på å nå ut med sin budskap, er seg sjølv nok og hegnar om institusjonell integritet og indre system.

**Fokus ligg på «kommunikasjon»:** museet opnar arenaen for andre, inviterer folk inn og let alternative tolkingar komma til uttrykk innanfor institusjonens veggjar. Ein vektlegg aktiv samhandling og kommunikasjon med omverda.

**Fokus ligg på «prosess»:** institusjonen oppfattar seg sjølv som ein del av sosiale rørsler i samtida,

og ser seg sjølv som ein arena der desse vert avspegla.

Den svenske staten krev at kulturinstitusjonane ikkje nøyer seg med å fungere som viktige symbol. Dersom institusjonane framleis skal utvikla seg, trengst nye utfordringar og idear om samfunnsrolle. Kulturinstitusjonane si hovudverksemd er å formidla forteljingar om kultur og samfunn, gestalta samtida eller spegla eller kommentera samtida og historia med kunstneriske verkemiddel. Slike oppdrag føreset kunnskapar, erfaring og kreativitet for å kunna løysast på ein måte som vert opplevd som relevant for omverda.

Difor vert spørsmålet om institusjonen sin autonomi og integritet sentralt. Institusjonen treng å ha eit klart sjølvstende andsynes omverda og mot politikken for å kunna fylla rolla si. For stor grad av sjølvstende og integritet risikerer likevel at det tippar over mot ei innovervendt verksemd, mangel på kommunikasjon med omverda, samt mangel på forandring. Desse spørsmåla er viktige og relevante også i ein norsk arkiv-, bibliotek- og museumskontekst.

Museumskurator Lisa Harris (tredje frå venstre) nyttar museet sine minneboksar saman med alzheimerpasientar.

Foto: Museum of East Anglian Life

7 Sjå svensk kulturutredning (SOU:16)



# EI SAMFUNNSROLLE TIL BESVÆR?

Fleire av stortingsmeldingene knytte til kultursektoren som har komme dei seinare åra legg vekt på at arkiva, biblioteka og musea skal vera aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar med vekt på kritisk refleksjon og skapande innsikt, og at dei skal fungera som dialoginstitusjonar, møtestadar og sosiale arenaer for mange ulike grupper. Institusjonane skal med andre ord vera med på å styrkja demokratiet og ytringsfridomen gjennom arbeidet sitt<sup>8</sup>.

Samfunnsrolleoppdraget til arkiva, musea og biblioteka kan tolkast breitt eller smalt, og kan femna mange eller få ting. Dei statlege føringane har som nemnt vore mange opp i gjennom åra og kan oppsummerast i følgjande punkt:

- Arkiv, bibliotek og museum skal på ein engasjerande måte skapa og formidla kunnskap i direkte samhandling med dei aktørar og

grupper som kunnskapen gjeld. Dei skal vera ein offensiv og kontaktsøkjande samarbeidspartnar som har legitimitet, styrkje og mot til å forfekta bestemte verdiar der det er naudsynt.

- Arkiv, bibliotek og museum sine brukarar må definerast breitt og femna ulike segment i samfunnet, og evna å gje stemme til samfunnsgrupper som ikkje maktar å gjera seg gjeldande i samfunnsdebatten
- Arkiv, bibliotek og museum skal ha medvit om den samfunnsendrande krafta som ligg i kritisk og undersøkjande kulturformidling, og skapa fellesskap basert på utforsking av erfaringar, kritisk refleksjon og meningsutveksling

Arkiv, bibliotek og museum er ulike når det gjeld å tolka og setja ut i livet rolla som kritisk reflekterande samfunnsinstitusjonar. Ein del konstaterer at samfunnsrolla deira inneheld det dei ser som kjerneverksemda si: samlingsforvaltning, forskning, formidling og demokratibygging. Andre etterlyser tydelegare signal frå sentralt hald om korleis dei skal definera og utføra denne rolla,

8 sjå t.d. St.prp.1 2008-2009, St.meld. 23 (2008-2009) om Bibliotek – Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid, St.meld. 49 (2008-2009) Framtidas museum, St.meld.48 (2002-2003), St. meld. 22 (1999-2000) og NOU 1996:7

medan ein del institusjonar viser eit klart grep ved å setja i gang prosjekt av til dømes BRUDD-typen, der målet er å få fram i lyset dei historiene som ikkje har vore fortalde – dei ubehagelege, kontroversielle eller vonde historiene<sup>9</sup>. Ein del ser ikkje ut til å ha noko medvite forhold til omgrepet i det heile.

Ein kan då stilla seg spørsmålet kva det eigentleg tyder i praksis å vera «aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar med vekt på kritisk refleksjon og skapande innsikt»? Sjølv om stortingsmeldingane trekkjer opp ei tydlegare overordna retning for abm-sektoren, gjev dei lite praktisk hjelp til å operasjonalisera denne samfunnsrolla. I dei følgjande avsnitta skisserer vi ein del døme på korleis ulike institusjonar har gripe fatt i denne rolla på ulike måtar.

---

9 sjå til dømes ABM-skrift #26: Brudd. Om det ubehagelige, tabubelagte, marginale, usynlige, kontroversielle

### **Operasjonalisering av samfunnsrolla**

Det er rom for stor variasjon i måtar å operasjonalisera samfunnsrolleomgrepet på. Denne typen arbeid er ikkje avhengig av typen institusjon – eit naturvitskapeleg museum har vel så store moglegheiter som eit kunst- eller kulturhistorisk museum, eit arkiv eller bibliotek til å arbeida med ulike typar tematikk og målgrupper. Ein grunnleggjande føresetnad er likevel at institusjonen har ein medviten haldning til si eiga rolle og til kva moglegheiter og avgrensingar som ligg innfor denne rolla.

Det finst ei heil rekkje praktiske erfaringar, verktøy og metodar frå andre sektorar som abm-institusjonane kan dra nytte av i arbeidet med å fylla samfunnsrolla si. I dei følgjande avsnitta ser vi først på fleire erfaringar frå Storbritannia. Dinest vil vi skildra nærmare ein av dei mest brukte metodikkane, samt gje ein del døme på korleis ulike institusjonar har løyst ulike utfordringar knytte til medverknadsarbeid.

# ULIKE METODISKE INNFALLSVINKLAR

Ein måte å leggja til rette for sosial inkludering på, er å jobba med spesifikke målgrupper, gjerne med direkte kontakt og pågåande prosjektarbeid med små grupper menneske som elles fell utanfor sosialt eller lever i sosial fattigdom.

Ein annan måte for abm-institusjonane å jobba med dette på, er å nytta institusjonens fysiske arena til å aktivt formidla denne typen tematikk og påverka folkeopinionen. Sjølv om det er to ulike måtar å gripa fatt i problemstillinga på, har dei ein ting felles: Målet er ikkje berre å gjera institusjonen tilgjengeleg og nå eit serskilt publikum, men heller å sjå seg sjølv i lys av ei større samfunnsrolle, med moglegeheit og kapasitet til å bidra direkte til å kjempa mot årsaker og symptomar på sosial utestenging. Avhengig av mål og ressursar, kan ein nytta begge metodane i innsatsen for å fremja sosial inkludering<sup>10</sup>.

## 5.1 Gode partnarar lettar arbeidet

Erfaringar syner at det er viktig at arkiv, bibliotek og museum samarbeider tett med lokale styresmakter/kommunale tenester for å utvikla og levera gode tilbod som bidreg til sosial inkludering og auka medverknad frå lokalsamfunnet. For å oppnå eit best mogleg resultat er det også viktig at dei knyter til seg gode samarbeidspartnarar med spesialkunnskap og kompetanse om målgruppa dei jobbar med. På denne måten byggjer dei bru mellom ulike kompetanseområde, og syter for at prosjekta tek i vare både målgruppa sine behov og institusjonen sitt behov for å oppretthalda sin kulturfaglege integritet. Arkiv, bibliotek og museum kan bidra til å stimulera sjølvtilit og meistring og betra livskvaliteten til utsette målgrupper ved å myndiggjera dei og involvera dei i verksemda si.

I Danmark nyttar til dømes ein del museum Dansk Flygtningehjelp sine frivillige som brubyggjarar til og tilretteleggjarar i samarbeidet med mangfaldsmiljøa. Dei frivillige får opplæring i museumsarbeid, og dei på si side bidreg med tid, erfaring og ressursar.

<sup>10</sup> sjå t.d.Sandell:412-413





Frivillige bidreg til dokumentkonserveringa i London Metropolitan Archives. Foto: Marit Hosar, Opplandsarkivet avd. Møhaugen

## Up To No Good – London Metropolitan Archives (LMA)

Dette var eit treårig prosjekt drive av grasrotorganisasjonen Groundwork, i samarbeid med blant anna London Metropolitan Archives, Imperial War Museum og Museum of Childhood. Målet var å fremja forståing og samhold mellom unge og gamle folk gjennom kulturarsaktivitetar. Kulturarven vart utforska og gjort tilgjengeleg gjennom blant anna kunst, turar, leikar og historieforteljing. På slutten av kvart delprosjekt sette deltakarane opp førestillingar og utstillingar for å visa fram og dela med andre kulturarven dei hadde jobba med.

Målgruppa var ungdommar i faresona og eldre som var utsette for isolasjon og

einsemd. Desse vart rekruttert med god hjelp av lokale sosialarbeidarar og organisasjonar.

Dei to aldersgruppene hadde både eigne og felles aktivitetar, slik at dei utvikla gode relasjonar seg i mellom og på tvers av generasjonane. Dei vitja museum og arkiv på jakt etter kulturhistorisk stoff om nabolaget deira, og ungdommane intervjuar dei eldre om deira oppvekst i området. Mange av deltakarane i dei ulike delprosjekta treffer kvarandra framleis.

Arkivet arbeider aktivt for å få plass i den statlege planen for sosial inkludering og

samfunnsarbeid. Dei trekkjer fram kor viktig det er å jobba med ulike partnarar slik at ein finn den spesifikke fagkompetansen ein treng for å få til eit godt samarbeid med målgrupper som elles kan vera vanskelege å nå.

Vidare legg LMA legg vekt på gode nettverk, gode nettsider og gode skulepakkar. Dei samarbeider òg tett med museum og bibliotek, til dømes når det gjeld aktivitetar som krev gode formidlingslokale. London Metropolitan Archives legg vekt på at alle prosjekt som vert starta skal først vidare, slik at dei ikkje vert «eingongsstunts». Resultatet er fleire mangfaldige brukarar av arkivet.



Oldemors hage, Naturhistorisk museum og Botanisk hage i Oslo.

Foto: Åshild Andrea Brekke

## Idea stores – bøker, kultur og læring i Londons fattigstrøk

I den enorme austlege delen av London bur det fleire gonger så mange menneske om i Oslo. Det er her ein finn dei nye biblioteka som har fått namnet Idea Stores. På slutten av 1990-talet såg ein at besøkstala ved dei tradisjonelle biblioteka hadde gått dramatisk ned. Dette ønskte dei lokale styresmaktene å gjera noko med, og då bydelen Tower Hamlets (inkludert East End og Docklands) skulle rusta opp bibliotekenestene, var planen å laga sju Idea Stores som erstatning for dei tolv tradisjonelle biblioteka.

Kulturstyresmaktene byrja arbeidet med å

Moglege partnarar her i Norge kan vera organisasjonar innan statleg, kommunal eller frivillig sektor: Flyktningehjelpen, Press Redd Barna Ungdom, Changemakers, Naturvernforbundet, NAV, Kirkens Bymisjon, sjukeheimar, interesseorganisasjonar og så bortetter. I samband med markeringa av 2010 Det europeiske året for bekjemping av fattigdom og sosial eksklusjon står Arbeidsdepartementet for den nasjonale koordineringa, men bidragsytarane som samarbeidspartnarar femner eit vidt spekter av statlege, ikkje-statlege og frivillige aktørar. Moglegheitene er mange, også for abm-sektoren.

**Naturhistorisk museum og Botanisk hage i Oslo** har til dømes utvikla Oldemors Hage, eit

tilbod til demensramma i samarbeid med med blant anna GERIA (Oslo kommunes ressurs-senter for demens /alderspsykiatri) og Norsk genressurs-senter. Oldemors hage tek vare på den grønne kulturarven. Her vert gamle prydplanter frå Austlandet stilt ut og verna for ettertida. Anlegget er bygd opp med gammalmodige element som benkar, lysthus, vasspumpe og stakittgjerde. Hagen har eit tett flor av fargerike og duftande plantar gjennom heile sesongen. Den er tilrettelagt som ein sansehage for personar med demens. Oldemors hage skal gje publikum gode sanseropplevingar – og kan hende vekcja til live gamle minner frå barndommens hage. Mange gamle prydplanter er ikkje lenger i handelen og står

finna ut kva for eit bibliotekkonsept dei åtti prosent av befolkninga som ikkje nytta tradisjonelle bibliotek kunne tenkja seg. Dei hyrte eit profesjonelt byrå som dreiv med marknadsundersøkingar. I løpet av undersøkinga vart 800 personar intervjuva heime etter timeavtale – og med eit honorar på 20 pund for å stilla opp. Denne grundige undersøkinga danna grunnlaget for utviklinga av det vidare konseptet. Målet var å dobla bibliotekbruken i området. Seks år seinare, etter at fire Idea Stores var etablert, nådde dei måla og vel så det: med 2 100 000 besøk i året, var besøkstalet firedobla sidan 1998.

Det er eit nytt konsept som kombinerer bibliotek, lærings-senter og informasjonstjenester under same tak. Målet er å gjera det enkelt for brukarane å låna bøker og multimedia eller delta på nokre av dei 1000 kursa som

vert tilbydd kvar år, innanfor alt frå massasje, aromaterapi, yoga og dans og til økonomi, språk, fotografering, mote og informasjonsteknologi. Her snakkar vi altså om utdanning og etterutdanning, kulturelle opplevingar og informasjonstenester som kan bidra til å auka brukarane sin livskvalitet. Mange tilbod er òg skreddersydd for heile familiar. Det breie spekteret av tilbod krev tilsvarande brei kompetanse blant dei tilsette. I tillegg til utdanna bibliotekarar, som faktisk er i mindretal, finst det både lærarar, administratorar, kunstnarar, informasjonsmedarbeidarar, folk med erfaring frå barne- og ungdomsarbeid, studentar med deltidsjobb og folk med bakgrunn i næringslivet.

Styresmaktene i Tower Hamlets henta inspirasjon frå næringslivet då dei utvikla Idea Store-konseptet, blant anna om korleis

næringslivet tilpassar seg og omstiller seg for å utvida marknaden sin. Bibliotekverksemd er framleis ein av grunnpilarane i Idea Store. Men fordi institusjonen tilbyr så mykje meir enn ein finn i et vanleg bibliotek, har ein vald eit anna namn. Målet var å nå ut til ei gruppe menneske som vanlegvis tenkjer at eit tradisjonelt bibliotek ikkje har noko å tilby dei.

Idea Store er kjenneteikna ved saumlause overgangar mellom det dei har å tilby. Viss ein brukar som låner ei bok, til dømes seier at han kunne tenkja seg å gå på eit spansk kurs, vert han ikkje vist til ein ekstern språkskule eller brevkurs. Då vert han i staden oppmoda til å delta på eit av spansk kursa som går i regi av Idea Store. Undervegs i kurset vil dei fort oppdaga at dei kan låna spanske romanar, reisehandbøker, filmar og musikk frå Spania. På denne måten vert opplevinga mykje rikare.

difor i fare for å forsvinna. I Oldemors hage veks det fleire hundre slike planter, samla inn frå gamle hagar over store delar av Austlandet. Eigarane av hagane har fortalt både om hagens historie og om den einskilde plantens historie. Staudane i Oldemors hage er difor viktige «objekt», både naturvitskapeleg og kulturhistorisk, og dei dannar eit klonarkiv. Hit kan òg heimebuande demensramma og deira pårørande kome og oppleva gode stunder saman.

## 5.2 Institusjonen som mikrofonstativ

Abm-institusjonane har òg eit unikt høve til å påverka samfunnet på eit meir overordna nivå fordi dei både disponerer areal og kompetanse på formidling, og har stor legitimitet andsynes samfunnet. På denne måten kan dei gjera bruk av høgprofilerte utstillingar, kontroversielle tema, delta i og setja i gang samfunnsdebatt.

Utstilling som formidlingskanal skil seg frå andre typar formidling, i det utstillinga «er et unyansert og emosjonsskapende medium. En bok som selges i 10 000 eks. er nesten en bestselger. En utstilling sees fort av minst så mange. Og det som står i en utstilling, det henger der – bokstavelig talt 'på utstilling'. Det er en offentlig opp/ut-hengning – hver dag, kanskje i månedsvis, mens det å lese en bok er mer privat»<sup>11</sup>.

Arkiv, bibliotek og museum har difor ein heilt unik posisjon som formidlingsarena, noko som inneber både moglegheiter og avgrensingar i val av til dømes tema for og perspektiv på formidlinga.

Formidling, tematikk, målgrupper og metodar

let seg fint kombinera. Rolla som kritisk reflekterande og medviten samfunnsaktør fungerer tovegs – institusjonen bidreg ikkje berre til eit meir inkluderande samfunn, men aukar eigen kompetanse og kunnskap om det samfunnet dei er ein del av.

## 5.3 Trøblete tema

Formidling av vanskelege, ubehagelege og marginale historier er eit felt som har vore lite utvikla her i landet. BRUDD er eit museumsprosjekt om skuggehistorier og om kritisk formidling<sup>12</sup>. Poenget er å retta eit kritisk blikk på museas formidlingstradisjon og på kva slags historier som vert fortalde, og utfordra kvarandre på innhald og verkemiddel.

Minoritetar og kulturelt mangfald høyrer til dei store skuggeforteljingane musea, arkiva og biblioteka tradisjonelt ikkje har inkludert i formidlinga. Den vanlege forståinga av abm-institusjonane si samfunnsrolle og verdigrunnlag har fram til no ekskludert, marginalisert og gjort usynleg ei rekkje forteljingar. Langt dei fleste museumsforteljingane har vore enkle, straumlinjeforma og utan nyansar. Her er det framleis mykje å gjera.

Det finst mange små og store skuggeforteljingar abm-institusjonane no bør ta tak i. Spesielt er dei store institusjonshistoriene valde vekk. Her er nokre døme på udekka felt innanfor sosial-, medisin- eller mentalitetshistorie som godt kan vera grundig dokumentert, men sjeldan formidla:


- Psykiatrihistorie
- Barnevernshistorie

11 Rekdal 2003

12 ABM-skrift #26

Frå Grefsen barnesanatorium.  
Biletet er utlånt av Einar Måseide.





I samband med utstillinga Vonde minner, og intervjuprosjektet som munna ut i katalogen Sanatoriebarn, fekk Nasjonalt medisinsk museum tilbakemeldingar. Ein av dei var frå Bjørn Oscar Hoftvedt, som òg lånte ut almanakken han skreiv i då han som sju- og åtteåring, frå sommaren 1954 til våren 1955 var innlagt på Grefsen barnesanatorium.

Foto: Nasjonalt medisinsk museum/  
Norsk Teknisk Museum

- Fængselsvesenet
- Barndomshistorie (både på godt og vondt)
- Ulike skuggehistorier frå krigen (tyskarjentene, krigsbarna...)
- Gamle og nye minoritetar og mangfald

**Nasjonalt Medisinsk museum - Norsk Teknisk Museum** laga i 2008 ei lita Hot Spot-utstilling om overgrepa mot ungar som budde på tuberkulosesanatoria basert på to historier som kom spontant fram då dei skulle dokumentera eit gammalt institusjonsbygg saman med to tidlegare bebuarar. Utstillinga fekk merksemd i media, og eit udekt felt av historia kom fram i lyset, saman

med ein straum av historier og erfaringar som aldri før hadde vore fortalt. Museet har tett samarbeid med dei som eig forteljingane, og har gjeve eit utval av historiene ut i trykt form.

#### 5.4 Mangfaldige målgrupper

Sjølv om ein del abm-institusjonar allereie jobbar saman med ulike typar målgrupper, er det mange som ikkje gjer det. Det finst mange typar målgrupper som institusjonane kan samarbeida med og mange måtar å jobba på. Det er likevel viktig å sjå det utoverretta arbeidet i ein heilskapeleg kontekst i høve til heile verksemda. Institusjonane bør vera tydelege på kva det

overordna målet deira er og kva dei vil oppnå, før dei vel seg ut ei gruppe å jobba med. Ei open haldning og gode band til lokalsamfunnet er òg viktig, slik at institusjonen kan fanga opp skjulte stemmer og syta for at dei vert høyrd og inkluderte.

På dette feltet trengs det òg kunnskap og medvit om meir overordna samfunnsmessige føringar, som til dømes at retten til medverknad og medbestemming for ulike grupper ligg nedfelt i lovverket (barnekonvensjonen, rammekonvensjonen for minoritetar og så bortetter). Ein abm-institusjon som let ulike målgrupper medverke

aktivt i arbeidet vil kunna oppleve at brukarane utviklar eit sterkt engasjement og eigarforhold til institusjonen, noko som igjen kan komma museet til gode i form av til dømes frivillig innsats. På denne måten vil institusjonen verta noko meir enn eit utstillingskabinett for serskilt interesserte.

## Nokre praktiske døme på spennet av ulike målgrupper

- **Asker bibliotek** laga eit prosjekt der målet var å få fleire *menn* til å nytta biblioteket. Etter samtalar med ulike representantar for denne målgruppa skreddersydde dei eit tilbod, Herreværelset, basert på ønskja og innspela til målgruppa.
  - **Museum of London** jobbar tett med *arbeidslause folk og ungdommar på skrålplanet* om bl.a prosjekt knytt til identitet og kulturarv.
  - **London Metropolitan Archives** har prosjekt som fører *ungdommar og pensjonistar* saman i arkivet.
  - **Glasgow Museum Gallery of Modern Art** har hatt samarbeidsprosjekt med *prostituerte kvinner og kunstnarar* om å laga utstilling om vold mot kvinner.
  - **British Museum** har laga opplegg i samarbeid med *eldre og innbyggjarar med engelsk som andrespråk*.
  - Eit museum for psykiatrichistorie i Amsterdam nyttar *tidlegare pasientar* som formidlarar og museumsarbeidarar.
  - **Museum of London Docklands** samarbeidde tett med *innvandrarmiljøa* i utforminga av den permanente utstillinga om kolonitida, og let partnarane ta kontroll over tekstar og utforming
  - **Museum of Transport i London** arrangerar *data- og internettkurs for nybegynnarar*, basert på eigne nettsider og digitale samlingar.
  - **Malmø Stadsbibliotek** har engasjert språkuidar som tilbyr *utvalde etniske grupper service* og rettleiing på deira eige språk. Språkuidane vert rekrutterte mellom ungdommar i vidaregåande skole frå innvandarane sine eigne rekkjer.
- Stadsbiblioteket arrangerer òg arbeidsseminar om demokrati.
- **Odense centralbibliotek og avd. Vollsmose bibliotek**, held til i ein bydel der 68 % av befolkninga har ein annan etnisk bakgrunn enn dansk. Dei har blant anna datakurs for *jenter mellom 10-16 år*, og diskusjonsgrupper for kvinner med samfunnsaktuelle tema som kvinneverrettar.
  - **Manchester Museum of Science and Industry** gjennomførte i 2006 eit filmprosjekt saman med *heimlause menn* i Manchester. Prosjektet var ein del av arbeidet med å gjera gjenstandane meir tilgjengelege for publikum og få fram dei «gøymde» historiene bak gjenstandane. Deltakarene fekk opplæring i å laga film og laga kortfilm om gjenstandar dei hadde valt frå museet.

# MEDVERKANDE LÆRING OG HANDLING – EIT VERKTØY

Det finst altså mange inngangar til medverknadsarbeid. Ein har gjort seg erfaringar frå ei heil rekkje sektorar og med eit breitt spekter av ulike målgrupper. Medverknadsarbeid er ein prosess, der det som skjer undervegs i prosessen er viktigare enn eit isolert sluttresultat. Dei gode og fruktbare prosessane vert drivne framover gjennom prøving og feiling. Metodikk og verktøy vert stendig justert og forbetra, og det finst mange ulike verktøy som kan bidra til å leggja til rette for gode prosessar.

Ein av dei mest kjende metodane heiter Participatory Learning and Action (PLA), og vert i Norge brukt på mange felt. Denne metodikken har fokus på deltakarane og deira erfaringar og innspel. Metodane sikrar reell medverknad gjennom ein styrt dialog bygd på anerkjening av kvarandre sine synspunkt. PLA har vakse fram gjennom fleire tiår i møtet mellom utviklingsarbeidarar og menneske i den tredje verda. Metodane stettar behovet for eit prosessverktøy som legg til rette for brukarmedverknad. Det er mange ulike PLA-metodar som ein lett kan læra og bruka.

Dersom ein går tidlig ut med ideen og involverer personar som kan gje viktig informasjon kan du til dømes få svar på desse spørsmåla: Kva moglegheiter har vi? Kva kan vi læra av det vi har fått til? Kva er vi gode på? Kva blir viktigast neste år? Kva slags lokalsamfunn ønskjer vi oss? Kva kan eg bidra med? Korleis kan vi utvikla det nye prosjektet?

Nøkkelen til gode løysingar er å involvera flest mogleg tidlig i prosessen for å få eit breitt grunnlag for seinare avgjerder. Metodane har vore nytta i skular, barnevernet, psykiatrien og fengselsvesenet – stader prega av status- og maktskilnadar.

## 6.1 Maktbalanse

For å sikra reell myndiggjering av deltakarar, må tilretteleggarane bruka metodar som let menneske delta på eigne premisser i møtet med sterkare grupper. PLA-metodane er tufta på aktiv deltaking på møter og seminar, og let brukargrupper møta tilsette i førstelinjetenesta ved sosial-, arbeids- og trygdekontor, og menneske i frivillige organisasjonar, lag og samskipnadar med fleire.



Tilretteleggjarar av samarbeidsprosessar kan bruka ulike metodar til

- Å skapa arenaer som inkluderer alle grupper og enkeltindivid i meningsfylte dialogar og prosessar der deltakarane opplever likeverd – i den forstand at alle vert høyrte, sett og verdsett for den dei er.
- Å trekkja berørte og viktige grupper med i utforminga av framtidens integreringsarbeid i kommunane.
- Å sikra tverrfagleg samarbeid og godt samspel.
- Å mobilisera og tydeleggjera ideane åt brukarane og handlingsevne gjennom aktiv og anerkjennande dialog.

Ulike medverknadsmetodar syner ulike måtar å leggja til rette for samarbeidsprosessar mellom menneske. Likeverds-prinsippet i myndig-gjeringsstrategien opnar for gjensidig læring. Metodane er løysingsfokuserte og tek utgangspunkt i det som fungerer i allereie eksisterande samarbeid. Målet for tilretteleggjarane er å finna meistrings- og løysingsstrategiane som fungerer best. Utgangspunktet er små og store suksessar – slik at deltakarar ser verdien av å gjera meir av det som fungerer.

## **6.2 Viktige erfaringar frå Somalia-prosjektet**

Eit døme som på ein god måte illustrerer kor viktig det er med gode prosessverktøy er Somalia-prosjektet til Leieboerforeningen. Våren 2004 lyste Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) ut midlar til prosjekt som skulle jobba med å heva hjelpeapparatet sin kompetanse om somaliarar i eksil i Norge. Blant andre fekk

Leieboerforeningen midlar til eit prosjekt som skulle setja fokus på somaliarane sin situasjon på bustadmarknaden. Gjennom kursing av både somaliarar og førstelinjetenesta som hjelper somaliarar å finne bustad, ville prosjektet auka somaliarane sin kunnskap om rettar, moglegheiter og forventningar i bustadmarknaden. Prosjektet vart svært vellukka, ikkje minst fordi Leieboerforeningen samarbeidde tett med Mølla kompetansesenter som hadde lang og god erfaring med å tilretteleggja medverknadsprosessar ved hjelpa av PLA-metodikk. Erfaringane dei gjorde seg i løpet av prosessane er nyttige for andre som vil jobba med slike prosessar, og kan kort oppsummerast slik:

### **God planlegging**

God planlegging gjev beredskap til å møte uventa hendingar. Ved å involvera alle grupper som skal delta på ein erfarings- eller dialogkonferanse (eller anna PLA-opplegg) får ein kjennskap til lokale tilhøve som kan vera avgjerande for dei prosessane ein ønskjer å starta. Gjennom denne typen kjennskap kan tilretteleggjarar hindra at ulike fraksjonar og interesser dominerer samarbeidsprosessen, og dermed hjelpa andre deltakarar med å fremja eigne idear og mål.

### **Eigarskap til prosessen**

Resultata av arbeidet på seminara er deltakarane sin eigedom. Deltakarane har heile tida hovudrolla — ikkje tilretteleggjarane. Utfordringar og løysingar er eigd lokalt av somaliarar, andre deltakarar og oppdragsgjevar.





### **Oppfølging og tilbakemelding**

Det er viktig å syta for god og systematisk oppfølging og tilbakemeldingar til deltakarane, ikkje minst fordi ansvaret for å følgja opp og implementera forslag ligg hjå dei. Alle deltakarar bør òg få tilbakemelding om framdrift i høve til dei åtgjerder som vert sett i gang etter konferansane. Ved å prioritere enkle åtgjerder etter eit opplegg, og gje tilbakemelding umiddelbart, vil deltakarane oppleve at deira innsats har verdi. Det motiverer for ny deltaking seinare i samarbeidsprosessen. Deltakarane byrjar ei læreprosess på seminara som ein bør følgja opp.

### **Ressurspersonar**

Bruk deltakarar som ressurspersonar – til dømes til å halda innlegg som kastar lys på eit problem eller ei utfordring ut frå deira kunnskap og erfaringar. Som tilretteleggjar oppfordrar ein deltakarane til sjølve å skapa diskusjon og eigne analyser. Motivér gjerne interessesamskipnadar til sjølve å ta hovudansvaret for planlegging og gjennomføring av opplegg.

Kan hende var den største utfordringa og lærdommen i dette prosjektet at slike prosessar tek tid – og nordmenn set ofte av for lite tid.

**Retten til medverknad er ein viktig del av demokratiet.**

Foto: ABM-utvikling

# SMÅ OG STORE UTFORDRINGAR

Erfaring syner altså at det er ei rekkje utfordringar knytte til utviklinga av ei aktiv samfunnsrolle tufta på aktiv medverknad og dialog. Ulike institusjonar opererer innanfor ulike sosiale, kulturelle og politiske kontekstar og står difor andsynes til dels ulike utfordringar i denne typen arbeid. Det er likevel ein del typar utfordringar som går att i evalueringsrapportar og oppsummeringar. To av desse gjeld mangel på tid og ressursar til å følgja opp medverknadsprosessar på ein god måte over lengre tid, samt mangel på forankring og støtte i museumsleiinga.

Andre utfordringar som ofte vert nemnde er at det er vanskeleg

- Å skapa endring i organisasjon og internkultur internt i arkiv, bibliotek og museum
- Å skapa berekraft og tilgang på langsiktige ressursar
- Å skapa eigarskap/medverknad i lokalsamfunn
- Å integrera abm-arbeidet innanfor eit større rammeverk for sosiale tilbod
- Å synleggjera fordelar og konsekvensar, dokumentera nytte og resultat

I dei følgjande avsnitta skisserer vi ein del fleire slike utfordringar, samt korleis ulike institusjonar løyste dei.

## 7.1 London, Sugar & Slavery - Museum of London Docklands

Dette museet vart oppretta i 2003 som ei grein av Museum of London i ein gammal bygning som tidlegare vart nytta til lagring av varer frå slavehandelstida. Målet med verksemda ved museet er å få fram historier som ikkje vert fortalde, og dei tek sikte på å ha så mykje kontakt med lokalbefolkninga som mogleg, i tillegg til regelmessige og aktive referansegrupper. I samband med 200-års markeringa for London si rolle i slavehandelen sette museet i gang ein prosess der lokalbefolkninga som i stor grad var etterkommarar etter slavar var sterkt medverkande i utforminga av utstillinga.

Museet har i samband med dette auka besøks- talet frå dei ulike minoritetsgruppene med minst ti prosent. Sjølv lister museet opp følgjande suksessfaktorar og utfordringar i arbeidet med utstillinga London, Sugar & Slavery:



Multimediaframsyning i London, Sugar & Slavery, London Museum Docklands. Foto: Museum of London

### **Handtering av forventningar**

Den største utfordringa var å handtera dei av og til urealistiske forventningane til dei ulike partane som var involverte. Difor er det viktig å få byrjinga av prosessen riktig, slik at forventningane til dei ulike deltakarane kan handterast på ein god måte, og at ein kan bli samd om premissene for den vidare prosessen.

### **Bygging av tillit**

Det var naudsynt å bruka tid på å byggja tillit mellom museet og dei ulike deltakarane for å få til forpliktande samarbeid.

### **Openheit under heile prosessen**

Museet var fullstendig opne om potensielle politiske utfordringar, samt økonomiske og praktiske

rammer for utstillinga (budsjett, ordmengde....). Det er til dømes ei vanleg utfordring at referansegrupper plar tru at det er uavgrensa midlar og plass til rådvelde. Museet ser at dei burde ha teke med gruppa til eit museum før prosessen starta, slik at dei kunne få eit realistisk bilete av slike rammer.

### **Innfring av løfter**

Museet erfarte at det er viktig at det som vert laga faktisk blir ein del av utstillinga: folk var meir motiverte til å laga skikkelege ting når dei visste at dei skulle stillast ut.

### **Vektlegging av prosess**

Prosessens var like viktig, om ikkje viktigare, enn resultatet. Det at prosessen i forkant var grundig og at ein hadde mykje handlingsrom og trygge diskusjonsfora, gjorde at det gjekk greitt å knesetja rammene på 35 ord når det gjaldt dei individuelle tekstbidraga til utstillinga.

### **Solid førebuing kombinert med fleksibilitet**

Det er viktig at ein er budd på at det kjem til å verta endringar, uansett kor godt eit prosjekt er planlagt.

### **God intern forankring**

Museet si prosjektgruppe hadde god støtte i leiinga og sytte for prosessar med dei andre tilsette i alle fasane i utstillingsarbeidet.

### **Kompetanseheving**

Museet sytte for gode kurs i blant anna skrivning og foto for å gje grasrotgruppene reiskapar til å produsera ting av høg kvalitet.



Den sterke graden av medverknad i arbeidet med utstillinga London, Sugar & Slavery har skapt interesse og eigarskap hjå nye målgrupper. Foto: Museum of London

Kva fekk så museet ut av dette medverknadsprosjektet? Ikkje berre auka dei besøkstala og nådde nye grupper, dei fekk òg betre innsikt i andre måtar å sjå slaveri-problematikken på gjennom diskusjonane med dei ulike gruppene. Dei har òg tilsett ein Community Access Officer som fungerer som brubyggjar og tilretteleggjar mellom dei ulike gruppene i som deltar i prosjekta. Vidare har museet no sytt for å ha ein plass i utstillinga som stendig kan endrast og oppdaterast, og ha plass til nye bidrag frå nye grupper. Slik fangar dei opp endringar i samfunnet og sikrar at formidlinga deira er relevant for folk.

## **7.2 «Et billede - mange blikke» - Trapholt kunstmuseum i Danmark**

Eitt enkelt maleri av arbeidarkunstnaren Folmer Bendtsen har vore på reise hos ulike grupper som normalt ikkje kjem på eit kunstmuseum. Ein av Trapholts kunstformidlarar har følgd maleriet «Familien – Nørrebro» frå 1941» rundt

på eldresenter, språkskular og folkeskular, der bildet er blitt tolka av både barn og vaksne. Reisa resulterte i ei utstilling. Prosjektet var frå byrjinga tenkt til både vaksne og barn: det levde blikket (eldresenteret), det framande blikket (språksentret) og det unge blikket (skular). I alt 15 institusjonar har delteke i prosjektet.

### Engasjement og djupne

I følgje museet fungerte prosjektet over all forventning. Ideen var i frå byrjinga å nå ut til folk som sjeldan kjem til museet, og leggja til rette for måtar dei kunne engasjera seg i maleriet. Til å byrja med førestilte museet seg at dei eldre moglegvis ville laga eitt eller anna knytt til minne, men var ikkje førebudd på i kor stor grad dei engasjerte seg i prosjektet. Dei bygde eit heilt univers med eit dökkehus, der dei samla inn autentiske gjenstandar frå 1940-åra og skreiv ned og dokumenterte minne frå perioden. Museet konkluderte med at det såg ut til at det å få besøk av eit ekte, autentisk maleri verka stimulerande på denne målgruppa.

Utstillinga var ikkje berre for dei som hadde delteke i prosjektet. Ho presenterte òg på ein flott og annleis måte korleis ein kan tolka Folmer Bendtsens maleri. Museumsgjestene fekk høve til å setta 1940-åra i perspektiv til notida. I tillegg kunne ein ta eit foto av seg sjølve i ein interaktiv fotoboks og fortelja korleis ein nyttar fritida si i 2009.

Folmer Bendtsen-biletet som Trapholt kunstmuseum nytta som utgangspunkt for prosjektet sitt.  
Foto: Trapholt Kunstmuseum



# MEDVERKNAD I NORSKE ARKIV, BIBLIOTEK OG MUSEUM

Det finst fleire døme på arkiv, bibliotek og museum som allereie gjer solid arbeid i lys av oppdraget som kritisk reflekterande samfunnsaktør. Her følgjer eit lite utval av mange fleire gode initiativ og måtar å involvera ulike grupper på:

## 8.1 Girl power på Torshov bibliotek

*Jentegruppa* på *Torshov bibliotek* var eit tilbod som vart etablert på 90-talet i samarbeid med feltarbeidsteamet i bydelen, biblioteket og jentene. Innvandrerjenter har sin «fristad» på biblioteka. Dette erfarte bibliotekarane på Torshov og ville ha jentene aktivt med. I 2004 hadde gruppa 40 medlemmer frå 16 ulike nasjonalitetar og norsk etniske jenter i alder 13-18 år. Jentene vart kjent med felles verdiar mellom anna gjennom litteratur og diskusjonar, dei var representantar for ei gruppe, noko som skapte identitet og sjølvtilitt. De vart kulturelt og politisk medvitne, og biblioteket vart ein læringsarena der dei lærte seg språk, korleis argumentera og utrykkje seg. Gruppa er eit godt døme på omgrepet «legitim perifer deltagelse» (Lave og Wenger i Ljødal 2005)

som skildrar prosessen der ein nykommar gradvis vert ein integrert del og etter kvart ein ekspert i eit fellesskap. Fleire av jentene kom ut av gruppa som «sterke jenter», vart medlemmar i bydelens ungdomsråd, deltok i demonstrasjonar, publiserte tekstar i media og vart spurt om å delta i debattar på TV.

## 8.2 Frå folkemuseum til kritisk samfunnsaktør - Glomdalsmuseet

Glomdalsmuseet er eit tradisjonelt folkemuseum som har gjeve rom og stemme til romanifolket/taterane, ein av dei nasjonale minoritetane som har vore undertrykt, usynleggjort og systematisk forsøkt utrydda i statleg regi i løpet av dei siste hundre åra. Tematikken har altså i høgste grad vore tabubelagt, ikkje minst internt hjå romanifolket.

I utgangspunktet var grunngevinga for å setja i gang arbeidet med ei avdeling for romanifolket sin kultur og historie, at norsk kulturhistorie ikkje er komplett utan at denne folkegruppa òg er med. Målet til museet har vore å synleggjera





Hesten var sentral i romanikulturen. Frå Latjo drom-utstillinga på Glomdalsmuseet. Foto: Burny Iversen, Glomdalsmuseet

at Norge har vore fleirkulturelt i mange hundre år, og å skapa auka forståing – og kunnskap – om romanifolket.

Norske styresmakters brutale fornorskingspolitikk er historie, og romanifolket har fått anerkjent sin rett til å utøva eigen kultur. Til tross for dette eksisterer det framleis fordommar mot romanifolket. Mange av romanislekt kjenner difor både redsel og uro — redsel for at alle fordommane som dei har kjent på kroppen kan blussa opp att viss det vert større fokus på dei, samt uro for at kulturen deira skal gå i gløymeboka. Museet vonar at denne utstillinga endrar på folk sine haldningar, slik at romanifolkets framtid blir betre, og at dei sjølve kan bruka utstillinga aktivt i kampen for å oppretthalda og gjenreisa kunnskapen og stoltheita over eigen kultur.

Romanifolket sjølv ønskjer at det vert fokusert på det positive. På det gode humøret (som gjorde



Teltplass. Frå Latjo drom-utstillinga på Glomdalsmuseet. Foto: Burny Iversen, Glomdalsmuseet

slitet og den daglege kampen lettare å bera), på handverkstradisjonen, samhaldet, musikken og dei gode historiene, på alle strategiane dei nytta for å overleva. Utstillinga *Latjo drom*<sup>13</sup> opna i 2006.

Den faste utstillinga om romanifolket på Glomdalsmuseet vart altså til i tett dialog med romanifolket sjølv og i stor grad på deira premisar. Ei slik tilnærming til museumsarbeid har synt seg krevjande, men fruktbar.

Etter at dei tok fatt på samarbeidet med romanifolket, gjorde Glomdalsmuseet endringar i vedtektene sine, slik at arbeidet med minoritetar vart solid forankra i institusjonen og arbeidet deira. Det førte seinare til at senter for fleirkulturell kompetanse i fylket vart lagt til museet.

13 Namnet, som er romani, kan oversetjast direkte med «god vei», men kan òg forståast i tydinga «god tur».



Ein lærling, ein ungdomsskuleelev og ein frivillig hjelpar på kystkultursenteret samarbeider om å byggja ein kopi av ein 150 år gammal færing (båt).

Foto: Engøyholmen kystkultursenter

### 8.3 «Tid er et av de viktigste verktøyene vi har»<sup>14</sup> – Engøyholmen kystkultursenter

*Engøyholmen Kystkultursenter* vart skipa då dei to frivillige organisasjonane Fortidsminneforeningen og Rygja Kystlag gjekk saman med Byantikvaren i Stavanger om bevaring av to gamle, autentiske men svært så falleferdige sjøhus. Gjennom eit omfattande restaureringsarbeid sto husa igjen klare til bruk i 1990.

Engøyholmen Kystkultursenter kombinerer kulturvern gjennom bruk av det verneverdige

sjøhusmiljøet med arbeid for barn og unge. I 1992 sette stiftelsen Engøyholmen Kystkultursenter i gang sitt sosialpedagogiske prosjekt med førebyggjande verksemd for barn og unge. Sidan den gongen har ungdommar frå Stavangerskular til ei kvar tid hatt Engøyholmen som eit viktig pustehol i en ofte slitsam kvardag. Også på fritida er Engøyholmen ein mykje brukt arena for arbeid med barn og unge. Senteret jobbar òg med å få på plass eit fleirårig opplæringsprogram for vaksne personar på attføring med kulturminnevern som innhald, kombinert med individuell oppfølging og rettleiing på livsmestring i samarbeid med NAV.

<sup>14</sup> Ketil Thu, dagleg leiar i Engøyholmen kystkultursenter



Engøyholmen leiger ut ferdig restaurerte båtar til dei som ønskjer ei oppleving av den maritime kulturarven. Foto: Engøyholmen kystkultursenter.

Engøyholmen kystkultursenter driv altså aktivt kulturminnevern med sosialpedagogiske metodar, i samarbeid med kommune, fylkeskommune og barnevern. Senteret driv blant anna med restaurering og bygging av båtar, i samarbeid med ungdom i faresona som fell utanfor det vanlege skulesystemet.

#### **8.4 Oslo multikulturelle byarkiv**

Oslo byarkiv har jobba med prosjektet «Multikulturelle arkiv», der dei har knytt gode relasjonar til minoritetsmiljøa. Dette har gjort det mogleg for arkivet å få tilgang til viktig kunnskap og arkivmateriale, og samarbeidet er prega av gjensidig respekt og tillit.

Oslo er Norges største innvandrарby med ein tredel av landets innvandrарbefolkning. Det er lite synleg i arkiva. Byarkivet ønskjer å gje dei



Skuleungdom lærer seg klinking og steaming. Foto: Engøyholmen kystkultursenter.

nye minoritetane ein rettmessig plass i arkivets samlingar, utvikla eit betre tilbod til innvandrарar og fleirkulturelle som brukarar av institusjonen og formidla deira historie til heile befolkninga, så vi kan leggja til rette for kultur møter.

Det har ikkje vore samla inn slikt arkivmateriale i nokon serskilt skala i Norge tidlegare, og materialet er i ferd med å forsvinna, særleg frå den første tida på 70-tallet. På arkivfronten treng ein difor å komma i gang med å samla inn, så ein



Ayesha Iqbal Khan ordnar arkiv frå det pakistanske miljøet i Oslo byarkiv. Foto: Otto A. Meijer

ikkje får store udekka felt i byens historie. Oslo byarkiv ønskjer å sikra og gjera tilgjengeleg nokre arkiv frå innvandrargrupper som representerer breidda av det kulturelle mangfaldet i Oslo.

Sidan prosjektet starta har Byarkivet i tett samarbeid med dei aktuelle gruppene samla inn arkiva til blant anna Nordic Black Theatre, Den gambiske forening, Ressurssenter for innvandrer- og flyktningskvinner (MIRA), Cosmopolite og Fremmedarbeider-foreningen (FAF).

Målet med prosjektet er å gje plass til privatarkiv frå nye minoritetar for å synleggjera dei og komplettera det offentlege materialet som finst når det gjeld deira aktivitetar, sjølvforståing,



Jenter fra Damini House of Culture dansar på opninga av utstillinga 'Spør etter oss'. Foto: Oslo byarkiv

behov og problem. Privatarkiva omfattar alt frå samskipnads-/organisasjonsarkiv, til forretningsarkiv, trussamfunnsarkiv eller personarkiv. I tillegg til å nyansera biletet av Oslo som innvandringsby, vil skuleelevar, studentar i fleire fag, historikarar, familiehistorikarar eller andre forskarar òg få eit meir variert materiale å studera.

Det finst altså ei rekkje gode døme på arkiv, bibliotek og museum som tenkjer nytt når det gjeld målgrupper og medverknad. Det er ikkje storleiken på prosjekta, verken i tid eller utstrekning, som er avgjerande, men heller viljen til å prøva seg fram, å tåla å bruka tid på å stå i prosessar ein ikkje alltid veit kor fører hen.



Nordic Black Theatre spelar teaterstykket «Fortida er ikke hva den en gang var» i Byarkivets magasin. Stykket var ein del av tilbodet i Den kulturelle skulesekken i Oslo i tre år.

Foto: Ellen Røsjo, Oslo byarkiv

# SMÅ OG STORE TIPS SOM KAN VERA NYTTIGE I DET VIDARE ARBEIDET

Ein treng som nemnt ikkje vera ekspert for å driva med medverknadsarbeid. Her følgjer ein del tips som kan vera nyttige å ha i bakhovudet når ein sett igang.

Det finst til dømes ein heil del element som har synt seg å vera viktige i arbeidet med å utforma og styrkja samfunnsrolla til musea, arkiva og biblioteka på eit overordna nivå:

## **Klare mål og tydelege prioriteringar**

Det vert lettare å driva medverknadsarbeid når det er godt forankra i institusjonen. Utarbeiding, implementering og evaluering av strategiar for korleis institusjonen skal jobba med dette er difor serskilt viktig.

## **Prioritering av ressursar**

Å involvera folk tettare i arbeidet sitt er tid- og ressurskrevjande. Det er viktig å ha klare rammer for kva slags handlingsrom ein har innanfor institusjonen.

## **Kompetanseheving**

Sjølv om det ikkje trengst eigne ekspertar på feltet, er det viktig at ein skaffar seg tilstrekkeleg kompetanse når det gjeld medverknadsarbeid. Her finst mange relevante aktørar og verktøy som ein kan ha nytte av.

## **Erfaringsutveksling, nasjonalt og internasjonalt**

Å driva medverknadsarbeid er fruktbart, men krevjande. Det er difor viktig for den interne motivasjonen og kompetansen å dela erfaringar og læring med andre, noko som òg bidreg til å styrkja feltet i sin heilskap. Her kan nettverk nyttast aktivt – nye idear oppstår ofte i møte med andre.

Vidare finst det ei heil rekkje meir konkrete og nyttige tips som kan hjelpa i den praktiske gjennomføringa av medverknadsarbeidet. Her følgjer eit utval av slike, basert på evaluering av ulike medverknadsprosjekt.

Når det gjeld **samarbeid med partnarar**, er det viktig å

- Planleggja prosjektet saman med alle involverte partnarar frå starten av.

- Samarbeida tett med partnarane gjennom heile prosjektperioden.
- Sikra at måla er relevante og klare for alle involverte.
- Klargjera forventningane og rollane til alle involverte, både i styringsgrupper eller i direkte prosjektarbeid.
- Halda regelmessige oppdateringar på prosess og gje tid til refleksjon og diskusjon.
- Søkja faglege råd og ekspertise.
- Søkja råd lokalt og syta for at lokale nøkkelpersonar er involverte.
- Syta for at prosjektida er realistisk, ikkje berre i høve til prosjektmåla, men òg i høve til deltakarene sine behov, tid, interesse og ressursar.
- Vurdera å gjera fleire prosjekt med same gruppa. Langsiktig arbeid med den same gruppa eller i det same området har meir effekt på lokalsamfunnet.
- Byggja inn 3-4 veker midtvegsevaluering mellom delprosjekt for å gje rom for refleksjon.
- Tenkja over korleis prosjektet kan vidareførast. Er det mogleg å øymerkjia ein del av det ordinære prosjektet til dette? Er det mogleg for partnarane å fortsetja arbeidet etter at institusjonen har trekt seg ut?

Når det gjeld **planlegging** av eit konkret prosjekt, er det viktig å

- Syta for romsleg med tid til nettverking og partnarskapsbygging (minst 4-8 veker).
- Syta for at lokale organisasjonar og aktørar veit om prosjektet, fordi desse kan hjelpa til med rekruttering eller gje råd og tips.
- Rekna nok tid til rekruttering av deltakarar, noko som ofte tek lenger tid enn forventa.
- Syta for målretta rekruttering.

Når det gjeld **gjennomføring** av eit medverknadsprosjekt er det viktig å

- Konsultera deltakarane om innhaldet i dei ulike arbeidsseminara for å sikra at det er interessant og relevant for dei.
- Bli samd med gruppa om grunnleggjande reglar ved starten av prosjektet. Flesteparten av desse reglane bør vera foreslått av gruppa sjølv.

## Å vera barnevernsbarn før og no

I 2006-2007 samarbeidde East Sussex byarkiv og den kommunale barnevernstenesta om eit prosjekt for ungar som var i barnevernssystemet. Prosjektet gav desse ungane moglegheit til å utforska arkiva for å finna ut korleis det var å vera teken hand om av barnevernet for meir enn hundre år sidan. Dei deltok i ei rekkje arbeidsseminar der dei lærte meir om barn som levde i Victoria-tida, og deltok i ulike kreative skriveaktivitetar. Prosjektet vart

umåteleg populært blant ungane, som lærte seg ulike forskingsmetodar og fekk større tillit til eigne skrive- og leseferdigheiter. Ungane fekk òg trening i å jobba i team, noko som hjelpte på sjølvtiliten. Ein unge uttrykte at det var rart, men bra å vera i eit rom saman med andre i nett same situasjon, som ikkje hadde kontakt med foreldra. På skulen kunne det ofte berre vera ein slik person.

Dei fleste var ikkje kjend med arkivarbeid på førehand, men fekk i løpet av prosjektet ei svært positiv innstilling til kreativt arbeid med arkivmateriale. Arkivet på si side lærte mykje om kva unge menneskje forventar og ønskjer av arkivet i framtida, samt utvikla gode relasjonar til den kommunale barnevernstenesta. Dette har resultert i to andre samarbeidsprosjekt. Arbeidsseminara har elles fortsett med stort hell etter at det fyrste prosjektet vart avslutta.

- Syta for å skaffa relevante fullmakter (helsemessige, foto/film osv) frå føresette dersom deltakarane er under 18. Det er også god praksis å senda ut eit brev til foreldra som skildrar prosjektet og bed om deira godkjenning.
  - Vurdera eventuelle risikoar («risk assessment»)
  - Bruka eigna språk i omtala av prosjektet. Til dømes kan ordet *kulturarv* fort skremma unge menneske bort.
  - Spreia arbeidsseminar ut over tid, dersom det er høveleg for gruppa
  - Sikra at storleiken på gruppa er handterleg.
  - Tilpassa aktiviteten til målgruppa. Handlar det om ungdom, bør ein unngå for mykje lesing, lytting og vandring rundt fordi deltakarane fort vert trøytt og misser interessa. Morosame, hands-on aktivitetar fungerer best i slike høve.
  - Syta for gode støttespelarar i arbeidsøktene. Ungdomsarbeidarar har kompetansen og erfaringa med å takla åtferdsproblem og hjelpa ungdommar delta i aktivitetar. På same måte kan miljøarbeidarar for eldre hjelpa til med å engasjera den einskilde i aktivitetar. Dette gjev prosjektkoordinatoren rom og høve til å leggja til rette for godt samspel og kunstnaren høve til å gjennomføra eventuelle workshops på ein god måte.
  - Vera førebudd på uventa endringar som oppstår i løpet av prosessen og laga ein prosjektplan som er fleksibel nok til å takla dei.
  - Syta for eigna fysiske lokale og omgjevningar til prosjektarbeidet. Dersom dette vert feil kan ein risikera at enten ein eller begge gruppene let vera å komma. Snakk med partnarane og finn ut kva moglegheiter som finst, og spør om deira synspunkt på dei ulike alternativa.
  - Syta for god timing av dei ulike øktene i høve til dei einskilde gruppene sine behov. Her er det varisjon frå gruppe til gruppe. Til dømes vil ein del eldre menneskje engsta seg for å gå ut etter at det er mørkt medan andre ikkje bryr seg om dette. Ein del ungdommar føretrekkjer å komma rett etter skulen, medan andre deltek i andre aktivitetar etter skulen. Det viktigaste er rett og slett å snakka med partnarane og deltakarane for å få ei kjensle av kva dei føretrekkjer.
- Når det gjeld **etterarbeid** er det viktig å
- Spørja deltakarane kva dei likte med prosjektet og kva som kunne verta betre.
  - Fylla inn eit evalueringsskjema etter kvar økt. Dette gjev tid og rom for refleksjon og hjelper ein til å tenkja gjennom problem som har oppstått.
  - Syta for å ta fortløpande omsyn til tilbakemeldingar frå alle partar
  - Notera ned munnleg tilbakemelding viss den kjem
  - Tenkja gjennom moglege indikator-målsetjingar ved starten av prosjektet. Der målet til dømes er å betra folk si forståing av kulturarv, bør ein finna ut kva dei forstår med omgrepet tidleg i prosjektet og samanlikna svara med forståinga dei har etter prosjektet.
  - Vurdera fortløpande korleis ein gjennomfører arbeidsøktene. Nokre grupper trivst betre med diskusjonar, medan andre føretrekkjer å jobba med skjema.
  - Sikra at dokumentasjon på evaluering, læringsutbytte og gode resultat vert forsvarleg lagra på ein måte som er lett tilgjengeleg. Det er utruleg viktig at denne kunnskapen vert delt i fall ein medarbeidar forsvinn eller eit prosjekt vert avslutta.





Horniman Museum and Gardens.

Foto: Åshild Andrea Brekke

## The Horniman Museum and Gardens

Dette museet ligg rett sør for London sentrum, i eit område med stor kulturell variasjon og har ei omfattande samling av gamle musikkinstrument, naturhistoriske og antropologiske gjenstandar. I følgje museet er det ein utfordrande balansegang mellom den faglege (scholarly) gjenstandssamlinga og det allmenne tilgjenge som bidreg til familielæring. Museet planlegg som regel utstillingane sine frå to perspektiv 1) publikum og 2) forskinga. Dei tek utgangspunkt i eigne sterke sider og inkluderer publikum ut i frå det. Til dømes hadde dei eit «community panel» som hjelpte til med å setja saman ei utstilling om indiske musikkinstrument.

Museet ser det som viktig å involvera folk som allereie har interesse og motivasjon for tematikken, og deira bidrag er blant anna å utvikla parallelle familieprogram som kan støtta opp under utstillinga.

Dei har ikkje eit spesielt teknologisk interaktivt tilbod, men legg vekt på ansikt-til-ansikt møter mellom publikum og gjenstandar. Museet har ca. 3000 duplikatgjenstandar som kan nyttast aktivt (handling collection), og nyttar denne berøringssamlinga som ein port inn til resten av museet. Her er det lite tekst, og mange høve til å ta på dei ulike gjenstandane.

Hornimans nyttar regelmessige publikumsundersøkingar, både spørjeskjema og meir i djupna, og folk signaliserer at dei er svært nøgde med tilbodet i det store og det heile. Museet har ein tilsett med tittelen Community engagement officer, som jobbar med ulike målgrupper i lokalsamfunnet (mellom anna døve, folk med lærevanskar, folk som har droppa ut av skulen, flyktningegrupper og så bortetter). Gjennom denne typen arbeid har museet dei siste åra auka andelen gjester med minoritetsbakgrunn.

# EVALUERING OG DOKUMENTASJON

Evaluering er ein viktig del av alt prosjektarbeid. Ei hovudutfordring i all evaluering er korleis ein målar resultatane av kvalitative prosessar som ikkje let seg talfeste. Likevel vert det ikkje gjort ofte nok, fordi ein tykkjer det krev for mykje tid, pengar eller andre ressursar. Tid til evaluering vert difor ofte bortprioritert i prosjektplanane. Evaluering er ikkje desto mindre ein naudsynt og konstruktiv reiskap i arbeidet med å støtta livslang læring, auka tilgjenge, styrkja sosial inkludering og utvikla gode relasjonar til publikum.

## Kva er evaluering?

I abm-sektoren inneber evaluering ofte at ein konsulterer eller observerer ulike målgrupper for å sikra at institusjonen når måla sine med ein aktivitet eller eit tilbod, og at det dekkjer behova, ønskja og forventingane til brukarane.

Evaluering betrar òg kommunikasjonen mellom institusjonen og brukarane, og aukar på denne måten moglegheitene for god læring. Det første ein bør gjere er å definera målet med

evalueringa. Kva spørsmål ein vel å stilla i evalueringa vil avhengja av dette målet.

Her følgjer ei lita sjekkliste som skisserer ein del spørsmål som bør stillast når ein evaluerer eit medverknadsprosjekt i abm-institusjonane:

### Spørsmål 1: Kven bør involverast?

Dette kan vera dei tilsette i abm-institusjonane, lokale styresmakter, kunstnarar, grupper eller einskildpersonar i lokalsamfunnet, ulike interesseorganisasjonar. Er det god balanse mellom fagfolk og frivillege?

### Spørsmål 2: Kva slags prosessar vil ein bruka for å nå målgruppa?

Her finst mange metodar og verktøy, som spørjeskjema, fokusgrupper og så bortetter. Det finst òg mange strategiar for å oppmoda folk som ikkje jobbar i abm-institusjonar til å jobba saman med seg, blant anna ved å nytta eit inkluderande språk, syta for eigna tidspunkt, lokalitetar og eventuell hjelp til transport.



**Spørsmål 3:** Kva er målet med prosjektet?

Dette er i tråd med det overordna målet for arbeidet: kvifor set vi i gang nett denne aktiviteten?

**Spørsmål 4:** Kva er delmåla for prosjektet?

Her bør ein spesifisera dei viktigaste tinga som må på plass for å nå målet. Her går det an å utvikla ei serie med indikatorar som fortel når delmåla vert nådd.

**Spørsmål 5:** Kva slags absolutte indikatorar vil ein bruka?

Av praktiske omsyn er dette harde fakta, til dømes kor mange besøkande som kjem til ei utstilling, talet på klager, tal på deltakarar på arbeidsgrupper. Denne informasjonen er enklast å få tak i om og når dei skjer.

**Spørsmål 6:** Kva slags relative indikatorar vil ein bruka?

Relative indikatorar fortel noko om at endring har funne stad. Til dømes vert dei besøkande verande lenger, haldninga deira til institusjonen har

endra seg, folk med funksjonshemmingar nyttar fasilitetane med større sjølvstende. Denne typen indikatorar er ofte mest nyttige når det gjeld kvalitet og resultat. Ein treng målemerke som ein kan måla framgang opp mot, og denne informasjonen må ein skaffa seg før prosjektet startar.

**Spørsmål 7:** Korleis sikrar ein grunninformasjonen (base-line information)? Viss ein nyttar relative indikatorar treng ein grunninformasjon: til dømes, kva prosentdel av dei besøkande skilddrar institusjonen som relevant for deira liv før og etter ein serskilt aktivitet eller tilbod.

**Spørsmål 8:** Tek ein sikte på å nytta ein uavhengig evaluator?

Det er klare fordelar med å nytta ekstern kompetanse i ein evalueringsprosess: dei ser ofte klarare, har ingen andre oppgåver, har relevant kompetanse, i tillegg til at folk gjerne snakkar friare med dei. Det er likevel ulemper ved ei slik løysing, blant anna høg pris og risiko for å missa kontroll over prosessen. Viss ein bestemmer seg for ein

ekstern evaluator bør ein sikra at eigarskapet til evalueringa er godt forankra internt.

**Spørsmål 9:** Korleis føregår tilbakerapporteringa? Dei som har vore med i ein serskilt aktivitet bør få vita resultatet, sjølv om dette kan gå føre seg på mange måtar. Avhengig av kva som eignar seg og kven ein vil nå kan dette til dømes vera ein munnleg rapport, eit møte og ein diskusjon, ei skriftleg oppsummering eller ein fulltekst.

**Spørsmål 10:** Korleis taklar ein negative resultat av evalueringa?

Ikkje alle prosjekt er vellukka, av ulike grunnar. Ei evaluering som rapporterer dårlege resultat kan vera konstruktiv i det vidare arbeidet med prosjektet. NB: Det er mykje verdifull læring i å mislukkast. Det er difor viktig å ha ein romsleg tabbekvote, og syta for at ein ikkje misser motivasjonen for å prøva nye eller andre ting.

**Spørsmål 11:** Korleis vil ein nytta resultatata?

Det er ein god idé å ha klart for seg korleis resultatet av evalueringa vil påverka pågåande arbeid før evalueringa tar til.

Gjennom å samla og systematisera erfaringar langs vegen og i kjølvatnet av ein medverknadsprosess, vil både deltakarane og tilretteleggjarane læra meir av prosessen. Samstundes sikrar ein at læringa vert overført til andre aktørar og andre delar av institusjonen. Vidare kan dokumentasjon av slike prosessar og resultatata dei oppnår, bidra til å synleggjera kva ulike grupper som deltek er opptekne av og tenkjer. På den måten kan ein òg påverka lokale styresmakter eller andre relevante samarbeidspartnarar til å ta omsyn til dette i sine avgjerder og prioriteringar, slik at rettane til usynlege eller marginaliserte grupper vert synleggjort og respektert.

# MEDVERKNAD ER IKKJE ATOMFYSIKK

Arkiv, bibliotek og museum kan altså spela ei viktig rolle når det gjeld å la folk medverke meir aktivt i arbeidet deira, fordi institusjonane har ein unik samfunnsposisjon og ein serskilt kompetanse. Medverknadsarbeid krev ikkje doktorgrad eller serskilte evner, men det krev følgjande:

- Motivasjon og tryggleik
- Tid og ressursar
- Eit verdigrunnlag og evne og vilje til å omsetja dette verdigrunnlaget i praksis
- Ei klar og tydeleg målsetting
- Eigna kompetanse og verktoy
- Høve til kontinuerleg læring gjennom erfaring

Medverknad handlar om å opna institusjonane og sleppa til større mangfald, fleire stemmer, andre perspektiv og nye gjester. Erfaringar frå blant anna Storbritannia syner at institusjonar som nyttar ein aktiv medverknadstankegang i arbeidet sitt, blant anna får ei sterkare forankring i lokalmiljøet og ein positiv økonomisk effekt.

Å opna for auka medverknad kan vera lærerikt og morosamt, men òg tidkrevjande og slitsamt.

Det finst ingen enkle fasitsvar, inga eintydig oppskrift. Men det finst erfaringar ein kan lære av, verktoy ein kan bruka og grep ein kan ta. Medverknadsarbeid er ein prosess, der det som skjer undervegs i prosessen er viktigare enn eit isolert sluttresultat. Dei gode og fruktbare prosessane vert drivne framover gjennom prøving og feiling. Medverknad kostar. Medverknad forpliktar. Men medverknad gjev òg positive resultat som bidreg til å gjera arkiv, bibliotek og museum til aktive samfunnsinstitusjonar og gode møteplassar. Det kan lett gå bra!

M

# NYTTIGE LEKKJER

**FORANDRINGSFABRIKKEN:** lang erfaring med medverknadsarbeid og tilrettelegging av prosessar for og med barn og unge.  
[www.forandringsfabrikken.no](http://www.forandringsfabrikken.no)

**IDÉBANKEN:** nettsted med ulike gode døme på medverknad og samarbeidsprosjekt:  
[www.idebanken.no](http://www.idebanken.no)

**SAREPTAS:** organisasjon med kompetanse på medverknadsprosessar og dialogverktøy.  
[www.sareptas.no](http://www.sareptas.no)

**REDD BARNA:** medlemssbasert barnerettsorganisasjon med lang erfaring med barns medverknad og eigne rådgjevarar på dette feltet. Håndboka i barns medverknad kan skaffast hjå dei.  
[www.reddbarna.no](http://www.reddbarna.no)

**FLEIRE PROSJEKTDØME FRÅ ARKIV, BIBLIOTEK OG MUSEUM I STORBRIANNIA:**  
[http://www.mla.gov.uk/what/raising\\_standards/best\\_practice](http://www.mla.gov.uk/what/raising_standards/best_practice)

**MEIR OM MEDVERKNAD OG EVALUERING:**  
<http://www.participationworks.org.uk/resources/evaluating-participation-work-the-guide>  
[www.peopleandparticipation.net](http://www.peopleandparticipation.net)  
[www.involve.org.uk](http://www.involve.org.uk)

**NETTSIDE FOR MARGINALE OG USYNLEGE HISTORIER:**  
[www.untoldlondon.org.uk](http://www.untoldlondon.org.uk)

**ULIKE DEFINISJONAR AV OMGREPET «EMPOWERMENT»:** <http://www.selvhjelp.no/filestore/Empowerment.pdf>

**DIGITAL PORTAL FOR PUBLISERING AV FORTELLINGAR:**  
[www.digitaltfortalt.no](http://www.digitaltfortalt.no)



# KJELDER

ARTIKKEL I BIBLIOTEKFORUM NR 7, 2009:  
Språkguider skal frista etniske minoriteter til  
biblioteket. Ikkje publisert digitalt enno.

ARTIKKEL I BIBLIOTEKFORUM NR 7, 2009: Det  
multikulturelle bibliotek i Tromsø. Ikkje publisert  
digitalt enno.

ARTIKKEL OM IDEA STORE-KONSEPTET: «Suksess  
i Londons fattigstrøk», Bok og bibliotek nr 2 2009  
[http://www.bokogbibliotek.no/index.  
php?option=com\\_content&task=view&id=1062&  
Itemid=28](http://www.bokogbibliotek.no/index.php?option=com_content&task=view&id=1062&Itemid=28)

BERKAAK, ODD-ARE, 2009: Samtidshistorie og  
fortidsrelatering. I: På sporet av den tapte samtid.  
Kulturrådet.  
[http://www.kulturrad.no/sitefiles/1/fou/nye.rap-  
porter.pdf/03b290131BMPasporetavdentaptesam  
tid090101S.pdf](http://www.kulturrad.no/sitefiles/1/fou/nye.rapporter.pdf/03b290131BMPasporetavdentaptesamtid090101S.pdf)

BRUDD. Om det ubehagelige, tabubelagte, mar-  
ginale, usynlige, kontroversielle. ABM-skrift #26.  
[www.abm-utvikling.no/publisert](http://www.abm-utvikling.no/publisert).

The Commission for Rural Communities (2009)  
[http://www.ruralcommunities.gov.uk/projects/  
economicwellbeing/overview](http://www.ruralcommunities.gov.uk/projects/economicwellbeing/overview)

DEPARTMENT FOR CULTURE MEDIA AND SPORT  
(2000): Centres for Social Change; Museums,  
Galleries and Archives for all: [http://www.culture.  
gov.uk/images/publications/centers\\_social\\_  
change.pdf](http://www.culture.gov.uk/images/publications/centers_social_change.pdf)

DEICHMANNESKE OG DET FLERSPRÅKLIGE  
BIBLIOTEK: [http://www.flerkult.  
no/](http://www.flerkult.no/) [http://dfb.deichman.no/index.  
php?str=small&sti=om\\_DFB&sti2=brukergrupper](http://dfb.deichman.no/index.php?str=small&sti=om_DFB&sti2=brukergrupper)

DEICHMANNESKE BIBLIOTEK: prosjektet  
*Edelsteiner og skimrende gråstein*:  
<http://www.dfb.deichman.no/pdf/edelstener.pdf>

ERSLAND, BJØRN ARILD (2009): Kulturhistorisk havnelandskap – 20 år på Engøyholmen. Stiftelsen Engøyholmen kystkultursenter. Stavanger.

EAST SUSSEX BYARKIVS BARNEVERNSPROSJEKT: [http://www.mla.gov.uk/what/raising\\_standards/best\\_practice/East\\_Sussex\\_Imagined\\_Lives](http://www.mla.gov.uk/what/raising_standards/best_practice/East_Sussex_Imagined_Lives)

FNS KONVENSJON OM MENNESKERETTANE: <http://www.un.org/en/documents/udhr/>

FNS KONVENSJON OM BARNERETTANE: [http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/veiledninger\\_brosjyrer/2000/barnekonvensjonen-nynorsk.html?id=87589](http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/veiledninger_brosjyrer/2000/barnekonvensjonen-nynorsk.html?id=87589)

GOVERNMENT WHITE PAPER (UK), (2008): Communities in control: real people, real power. <http://www.communities.gov.uk/publications/communities/communitiesincontrol>

HERREVÆRELSET-PROSJEKTET VED ASKER BIBLIOTEK: <http://www.askerbibliotek.no/Om-biblioteket/Prosjekter/Herrevarelse/>

IDEA STORES: [http://www.ideastore.co.uk/en/articles/information\\_the\\_idea\\_story](http://www.ideastore.co.uk/en/articles/information_the_idea_story)  
[http://www.ideastore.co.uk/en/articles/information\\_the\\_idea\\_strategy](http://www.ideastore.co.uk/en/articles/information_the_idea_strategy)

JENTEGRUPPA PÅ TORSHOV BIBLIOTEK: (meir info ABM skrift #18 Ljødal kap 4.2.5 : <http://www.abm-utvikling.no/publisert/abm-skrift/abm-skrift-fulltekst/abm-skrift-18-folkebiblioteket-som-offentlig-moteplass-i-en-digital-tid.html#4-2-m-ter>

KULTURUTREDNINGEN, KAPITTEL 19: Svensk offentlig utredning (SOU:16): <http://www.regeringen.se/content/1/c6/12/03/32/39524981.pdf>

LATJO DROM – Romanifolkets/taternes kultur og historie. Glomdalsmuseet 2009.

LJØDAL, HILDE (2005): Folkebibliotekene som offentlig møteplass i en digital tid. ABM-skrift # 18. ABM-utvikling.

MALMØ STADSBIBLIOTEKS DEMOKRATIPROSJEKT: <http://www.malmo.se/kulturbibliotek/stadsbiblioteket/omstadsbiblioteket/verksamhet/demokrati-projekt.4.3964bd3611d8d4a5d1c800027.html>

MARTIN, DAVID: «Outreach special: introduction». I: Museum Practice, Issue 3, p.38-39, november 1996 ([www.museumsassociation.org](http://www.museumsassociation.org) sitt digitale arkiv)

MARTIN, DAVID: «Outreach special: introduction». I: Museum Practice, issue 11, p.70-71, juli 1999

MARTIN, DAVID (1996): Evaluating outreach checklist. Issue 3 p.43 [http://www.museumsassociation.org/ixbin/indexplus?\\_IXACTION\\_=summary&\\_IXFPFX\\_=full/t&\\_IXSPFX\\_=full/t&\\$MP+in+cms\\_con\\_core\\_subtype+index+cms\\_con\\_text\\_what+and+3+in+ma\\_con\\_article\\_issue+index+cms\\_con\\_text\\_what+and+with+ma\\_con\\_article\\_first\\_page+is+43=.](http://www.museumsassociation.org/ixbin/indexplus?_IXACTION_=summary&_IXFPFX_=full/t&_IXSPFX_=full/t&$MP+in+cms_con_core_subtype+index+cms_con_text_what+and+3+in+ma_con_article_issue+index+cms_con_text_what+and+with+ma_con_article_first_page+is+43=)

MUDDIMAN, DAVE ET.AL (2000): «Open to all? The public library and social exclusion – [London] : Resource: The Council for Museums, Archives and Libraries. – Library and Information Commission Research Report; 84-86

MUSEUMS ASSOCIATION, 2008: Discussion paper, [www.museumsassociation.org/sustainability](http://www.museumsassociation.org/sustainability)

THE MUSEUMS, LIBRARIES AND ARCHIVES COUNCIL (MLA), UK: [http://www.mla.gov.uk/what/raising\\_standards/best\\_practice](http://www.mla.gov.uk/what/raising_standards/best_practice)

MLA (2008): the Community Empowerment White Paper: A briefing paper for discussion. [http://www.mla.gov.uk/what/policy\\_development/current\\_consultations/~/\\_media/Files/pdf/2009/MLA\\_briefing\\_paper\\_for\\_discussion\\_Community\\_Empowerment\\_White\\_Paper.ashx](http://www.mla.gov.uk/what/policy_development/current_consultations/~/_media/Files/pdf/2009/MLA_briefing_paper_for_discussion_Community_Empowerment_White_Paper.ashx)

MOSS BIBLIOTEK, NETTVERKSBYGGING I BIBLIOTEK: <http://www.dfb.deichman.no/pdf/Nettverksbygging.pdf>

MULTIKULTURELLE ARKIVER, OSLO BYARKIV: [http://www.byarkivet.oslo.kommune.no/multikulturelle\\_arkiver/](http://www.byarkivet.oslo.kommune.no/multikulturelle_arkiver/)

ODENSE BIBLIOTEK: [http://www.odensebib.dk/forside/menu\\_custom/afdelinger/vollsmose\\_bibliotek](http://www.odensebib.dk/forside/menu_custom/afdelinger/vollsmose_bibliotek)

RAMMEKONVENSJONEN FOR VERN AV NASJONALE MINORITETAR: <http://www.regjeringen.no/nn/dep/aid/Tema/Nasjonale-minoritetar/midtpalte/euoparadets-rammekonvensjon.html?id=86935>

Rapport frå The Commission for Rural Communities (2009) <http://www.ruralcommunities.gov.uk/projects/economicwellbeing/overview>

RAPPORT FRÅ UP TO NO GOOD-PROSJEKTET: <http://www.groundwork-london.org.uk/upload/documents/webpage/Current%20work/Up%20to%20No%20Good%20-%20Supporting%20evidence.pdf>

REKDAL, PER, 2003: Inspirasjonsinnlegg på BRUDD-samling: <http://www.abm-utvikling.no/museum/formidling/brudd/losrevne-innledningsbruddstykker.html>

SANDELL, RICHARD & JOCELYN DODD: «Outreach as an agent for social inclusion». I: Museum Practice, issue 11, p.72-73, juli 1999

SANDELL, RICHARD, 1998: «Museums as Agents of Social Inclusion», i: Museum Management and Curatorship, Volume 17, Issue 4 1998 , s 401 - 418

Vandvik, Grete (2007): Håndbok i arbeid med barns medvirkning. Redd Barna.

[www.abm-utvikling.no](http://www.abm-utvikling.no)

OFFENTLEGE DOKUMENT OG  
STORTINGSMELDINGAR:

St. meld. nr. 49 (2008-2009)

St. prp. nr 1 2008-2009

St.meld. 23 (2008-2009) om Bibliotek –  
Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i  
ei digital tid

St. meld. nr. 48 (2002-2003) Kulturpolitikk fram  
mot 2014

St. meld. nr. 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap  
og oppleving

NOU 1996:7 Mangfald, minne, møtestad



Tilsagnsbrev frå KKD til musea 2009

# Tidligere utgivelser av abm-skrift

- #1 Digitalisering av fotosamlinger
- #2 Reform 94 og museene
- #3 Befolkningens vurdering av folkebibliotekene
- #4 Statistikk for arkiv, bibliotek og museum 2002
- #5 Vei i vellinga. Håndbok i dokumentasjon av museums-gjenstander
- #6 Sømløs biblioteklov for sømløse bibliotek-tjenester
- #7 Museumsarkitektur. En studie av nyere norske museumsbygg
- #8 Sømløs kunnskap. Om bruk av emnekart
- #9 Det handler om læring
- #10 Tegnspråk som offisielt språk
- #11 Statistikk for bibliotek og museum 2003
- #12 Museer og den flerkulturelle virkeligheten
- #13 ABM-institusjonene i Norden. Kompetanseoppbygging for et multi-kulturelt normalsamfunn
- #14 Biblioteket. Det normale rommet i fengselet
- #15 Konsolidering av museer – råd og vink
- #16 Kommunesammenslåing og arkivspørsmål
- #17 Norsk-engelsk ordliste med bibliotek-termer
- #18 Folkebiblioteket som offentlig møteplass i en digital tid
- #19 Min stemme – vår historie. Dokumentasjon av nyere norsk innvandring
- #20 Bibliotekene i 2020. Rapport fra en scenariobasert strategiprosess
- #21 Nye muligheter i nye landskap. Arkivorganisering i Nederland og Sverige.
- #22 Bibliotekene og det flerkulturelle Norge
- #23 Statistikk for bibliotek og museum
- #24 Danser med ulver. Bibliotekene, utgiverne og de elektroniske kunnskapskildene
- #25 Arkivene, bibliotekene, museene og de nasjonale minoritetene
- #26 Brudd
- #27 Rom for lek og læring. Bibliotektilbudet til barn og ungdom
- #28 Arkiv, demokrati og rettferd
- #29 ICOMs museumsetiske regelverk
- #30 Bibliotekreform 2014. Del 1: Strategier og tiltak
- #31 Bibliotekreform 2014. Del 2: Norgesbiblioteket – nettverk for kunnskap og kultur
- #32 Kulturarven til alle
- #33 Biblioteket Østfold. Nye veier for samarbeid
- #34 Ut av mørkerommet. Forvaltning av kulturhistorisk fotografi i Norge
- #35 Arkivdepoter – kartlegging av kompetansebehov
- #36 Statistikk for bibliotek og museum 2005
- #37 Barn og unges meninger om museum
- #38 Museene i 2025. Ulike scenarier utarbeidet for ABM-utvikling av ECON analyse
- #39 Lykketreff. Om de gode møtene i Den kulturelle skolesekken
- #40 Til kildene! Kartlegging av lokale og regionale arkiver
- #41 Statistikk for bibliotek og museum 2006
- #42 Bibliotekreform 2014. Oppsummering av høringsuttalelser
- #43 Minnehåndtering. Metode for digital langtidslagring i kommunal sektor
- #44 Standard for fotokatalogisering
- #45 På rett hylle med åndsverkloven. En veiledning i opphavsrett for arkiv, bibliotek og museum
- #46 Hvem er de og hvor går de? Om brukeraferd i norske storbybibliotek.
- #47 Les for meg, pliiis! Om barn, litteratur og språk
- #48 Standard for gjenstands-katalogisering
- #49 Statistikk for arkiv, bibliotek og museum 2007
- #50 På nett? Tilgjengelighet og web i abm-sektoren
- #51 Viktig og vakkert. Utvalgs-kriterier for fotografi
- #52 Forsikring av museums-virksomhet. Av Niels Georg Beer Holm
- #53 Katalogdata. Juridiske problemstillinger knyttet til eierskap og produksjon. Av Vebjørn Søndersrød
- #54 Se på – ta på – hør på. Om tilgjengelighet og formidling. Erfaringer fra Bergen byarkiv.
- #55 Digitalisering av fotosamlinger. Av Hege Oulie
- #56 Kompetanseutvikling i bibliotek. Rammer og prioriteringer
- #57 Statistikk for arkiv, bibliotek og museum 2008
- #58 Innkjøpsordningene – en sterk kulturpolitikk
- #59 Vel bevart? Tilstandsvurdering av museumssamlinger
- #60 Fragmentering eller fellesløsning? Organisering av norsk bibliografisk produksjon
- #61 Museumsbesøk. Mer enn en fridag

Skriftserien fås gratis ved henvendelse til ABM-utvikling så langt opplaget rekker. Den er også tilgjengelig på [www.abm-utvikling.no](http://www.abm-utvikling.no).





ISBN 978-82-8105-080-8